



Mulige omstillingstiltak 2025-28

R1022999

KINN KOMMUNE

AGENDA
KAUPANG

OPPDRAGSGIVER: Kinn kommune
RAPPORTNUMMER: R1022999
RAPPORTENS TITTEL: Mulige omstillingstiltak 2025-28
ANSVARLIG KONSULENT: Bjørn A Brox
KVALITETSSIKRET AV:
FOTOGRAFI I RAPPORT:
DATO: 14.10.2024

Forord

Denne rapporten er skrevet på oppdrag av kommunedirektøren i Kinn kommune.

Rapporten inneholder mulige tiltak for å redusere netto driftsutgifter i kommunen med 100 millioner kroner de neste fire årene. Tiltakene er utarbeidet i fire arbeidsgrupper ledet av kommunalsjefene i hver sektor. Det er kommunalsjefene som legger fram tiltakene. Agenda Kaupang har vært engasjert for å hjelpe til med dette arbeidet. Det vil si å lage prosjektplan, støtte prosessen, utrede tiltak etter behov og være sekretær.

Gruppearbeidet har pågått i perioden september-oktober 2024. Gruppene har hatt tre heldags prosjektmøter med mye arbeid mellom møtene. Tiltakene overlates til rådmannen som grunnlag for å lage økonomiplanen for 2025-28.

Arbeidet med tiltakene bygger på to analyserapporter levert av Agenda Kaupang til kommunen:

- Kommuneindeksen 2024 (data for 2023)
- Økonomianalyse 2023

Et hovedmål med prosjektet har vært å få til et tettere samarbeid mellom administrasjon og politikk om budsjettarbeidet. Omstillingsprosjektet har vært gjennomført i samarbeid med kommunens finansutvalg. Finansutvalget skal behandle saken fire ganger:

1. Mandat for arbeidet og sammenligning av kvalitet og kostnad med andre kommuner
2. Detaljert analyse av alle tjenestene for å forstå årsaken til kostnadsforskjellene
3. Gjennomgang av første utgave av tiltakslistene for å bestille utredning av flere tiltak
4. Gjennomgang og kvalitetssikring av endelige tiltakslister

Denne rapporten er grunnlaget for møte 4 i finansutvalget. Kommentarer til de enkelte tiltakene fra finansutvalget vil bli innarbeidet i rådmannens forslag til budsjett.

Skøyen 14.10.2024

Agenda Kaupang



Innhold

1	Sammendrag	7
2	Oppvekst	10
2.1	Tiltak 1: Barnehage: Avvikle rullerande inntak; tilbud til barn som ikkje har rett til plass	13
2.2	Tiltak 2: Barnehage: Endre pedagogdekninga til 50% av grunnbemanninga.....	14
2.3	Tiltak 3: Barnehage: Redusere administrasjonsressurs/ leiarressurs	15
2.4	Tiltak 4: Barnehage: Ressurs til minoritetsspråklege barn – funksjon 21102.....	17
2.5	Tiltak 5: Barnehage: Redusere ressursar til barn med særskilt behov (Barnehagelova §§31 og 37).....	19
2.6	Tiltak 6: Barnehage: Redusere vikarbehov ved å feriestenge barnehagane 3 veker om sommaren og 1 veke i romjul /påske	20
2.7	Tiltak 7: Barnehage: Kan ein hente ut effekt av auke samarbeid mellom Skavøypoll skule og Skavøypoll barnehage?.....	21
2.8	Tiltak 8: Barnehage: Auke andelen private barnehageplassar	23
2.9	Tiltak 9: Skule: Struktur (vil også omfatte formålsbygg og reinhald).....	25
2.10	Tiltak 10: Skule: Omstilling i grunnskule	29
2.11	Tiltak 11: Skule: Reduksjon av merkantil stilling i grunnskule (adm.ressurs)	30
2.12	Tiltak 12: Skule: Skulefritidsordninga (SFO).....	31
2.13	Tiltak 13: Opningstid i barnehage og SFO søndre del.....	32
2.14	Tiltak 14 og 15: Stillingsreduksjon i PPT og helsestasjon	33
2.15	Tiltak 16: Omstilling i barnevernstenesta	33
3	Samfunn	35
3.1	Tiltak 1: Bolig: Innføre gjengs leie i kommunale boliger	37
3.2	Tiltak 2: Bolig: Slutte å leie ut møblerte boliger.....	38
3.3	Tiltak 3: Bolig: Innføre depositumsgaranti.....	39
3.4	Tiltak 4: Bolig: Ta bort tilleggstenester fra husleiekontraktene	40
3.5	Tiltak 5: Bolig: Gebyr på hjelp til leietakere i kommunale boliger	40
3.6	Tiltak 6: Brann: Utrykning med en person ved automatisk brannalarm.....	43
3.7	Tiltak 7: Brann: Kreve refusjoner for brannutrykning til Stad	44
3.8	Tiltak 8: Brann: Ta gebyr for ikke-kritiske helseoppdrag i brannvesenet.....	44
3.9	Tiltak 9: Brann: Gebyr på unødvendige brannalarmer.....	45
3.10	Tiltak 10: Brann: Utrede brannsamarbeid i regionen	46
3.11	Tiltak 11: Brann: Sjekk av brannnummer i samarbeid med vann og avløp	47
3.12	Tiltak 12: Brann: Vedlikehold på røykdykkerutstyr for andre kommuner	47
3.13	Tiltak 13: Brann: Revidert avtale med Bremanger	48
3.14	Tiltak 14: Eiendom: Redusert areal formålsbygg i Måløy	48

3.15	Tiltak 15: Eiendom: Mer mekanisert renhold	49
3.16	Tiltak 16: Eiendom: Redusert bemanning renhold.....	50
3.17	Tiltak 17: Eieendom: Ta betaling for offentlig toalett.....	51
3.18	Tiltak 18: Kirke: Drift av gravplasser til selvkost.....	52
3.19	Tiltak 19: Kultur og idrett: Bedre sjølvfinansiering av kinoen	53
3.20	Tiltak 20: Kultur og idrett: Samhandlingsgevinster mellom kulturskolen og øvrig kultur	53
3.21	Tiltak 21: Kultur og idrett: Utfordre fylkeskommunen på gratis hall-leie	54
3.22	Tiltak 22: Kulturskole: Større grad av selvfinansiering.....	55
3.23	Tiltak 23: Park: Overlate drift av grøntanlegg til lag og foreninger.....	57
3.24	Tiltak 24: Plan: Enklere forskrift for plan og byggesak, høgere gebyrer	57
3.25	Tiltak 25: Plan: Redusert utgift til kommuneplanens arealdel.....	58
3.26	Tiltak 26: Plan: Redusert antall biler	58
3.27	Tiltak 27: Plan: Redusert antall stillinger og annen kompetanse	59
3.28	Tiltak 28: Plan: Kutt i veterinærutgifter.....	60
3.29	Tiltak 29: Samferdsel: Redusert tilskudd til fylkeskommunale båtruter	60
3.30	Tiltak 30: Samferdsel: Nedklassifisere kommunale veier	62
3.31	Tiltak 31: Samferdsel: Endret avtale om drift av kommunale veier.....	63
3.32	Tiltak 43: Bustad: Sal av kommunale boliger (frå leige til eige).....	63
	1 Salg av kommunale boliger	64
3.33	Tiltak 33: Eiendom: Automatisere med KI.....	67
3.34	Tiltak 34: Eiendom: Energisparekontrakter	68
3.35	Tiltak 35: Plan: Færre saker i klagenemda	68
3.36	Tiltak 36: Flyktninger: Digitale løsnings for voksenopplæring	68
3.37	Tiltak 37: Flyktninger: Opprette praksisplasser.....	68
3.38	Tiltak 38: Flyktninger: Betre helsejenester for flyktninger	68
3.39	Tiltak 39: Kultur: Større inntekter frå reiselivet.....	68
3.40	Tiltak 40: Kultur: Tettere samarbeid med frivillige (samskaping)	71
3.41	Tiltak 41: Kultur: Samordne støtten til lokale kulturtiltak	71
3.42	Tiltak 42: Næring: Mindre tilskudd til lokale næringstiltak.....	71
3.43	Tiltak 43: Tiltak 7: Bolig: Avvikle Loopfront	71
3.44	Tiltak 44: Eiendom: Konkurransesetting av renhold i formålsbygg.....	72
3.45	Tiltak 45: Eieendom: Opprette KF bustad og eieendom.....	75
4	Helse og sosial.....	77
4.1	Tiltak 1: Reduksjon avdelingsleiar i psykisk helse og rus	79
4.2	Tiltak 2: Reduksjon av turnustilsette i psykiatri og rustenesta	80
4.3	Tiltak 3: Sosial/NAV; reduksjon i utgifter.....	80
4.4	Tiltak 4: Organisering av dag- og aktivitetstilbod i regi av NAV	81
4.5	Tiltak 5: Ny tenestestandard og tildelingskriteria	82
4.6	Tiltak 6: Redusere dekningsgrad i HDO. Lage plan for innfasing av kapasitet iht. demografiutvikling.	83

4.7	Tiltak 7: Avvikle bruk av 3-mannsrom på Furuhaugane	84
4.8	Tiltak 8: Albertatunet	85
4.9	Tiltak 9: Arbeidstidsordningar- Auka bruk av langvakter i institusjon.....	87
4.10	Tiltak 10: Medisinhandtering- auka bruk av Multidose.....	88
4.11	Tiltak 11: Organisering av bemanningscenter/bemanningskoordinator	89
4.12	Tiltak 12: Redusert avdelingsleiar FLOMS	91
4.13	Tiltak 13: Redusert årsverk miljøtjeneste 2.....	92
4.14	Tiltak 14: reduksjon med 10 prosent helsestasjonslege	92
5	Administrasjon.....	94
5.1	Tiltak 1: Frikjøp hovudtillitsvalte (HTV) - reduksjon 1,3 årsverk.....	98
5.2	Tiltak 2: Reduksjon 1 årsverk, Personal, naturleg avgang	99
5.3	Tiltak 3: Reduksjon 1 årsverk politisk sekretariat, Informasjon og service, naturleg avgang	99
5.4	Tiltak 4: Reduksjon 1 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang	100
5.5	Tiltak 5: Reduksjon 0,5 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang	101
5.6	Tiltak 6: Reduksjon 1 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang	101
5.7	Tiltak 7: Prosjekt bemanning, tiltak 4, Informasjon og service, naturleg avgang.....	102
5.8	Tiltak 8: Reduksjon 1 årsverk, Rekneskap og innføring, naturleg avgang	102
5.9	Tiltak 9: Reduksjon 0,2 årsverk, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang	103
5.10	Tiltak 10: Reduksjon 0,5 årsverk frå 2025/2026, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang .	103
5.11	Tiltak 11: Reduksjon 0,33 årsverk, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang	104
5.12	Tiltak 12: Reduksjon 0,5 årsverk, Lønsavdelinga, naturleg avgang	104
5.13	Tiltak 13: Tilskot breiband utgår i tråd med vedtatt økonomiplan 2024-2027.....	105
5.14	Tiltak 14: Politisk leiling tar sin del av innsparinga	106
5.15	Tiltak 15: KF Havhesten - legge ned, opprette kommunal teneste.....	111
5.16	Tiltak 16: KF Bordgleder - legge ned, opprette kommunal teneste	112
5.17	Tiltak 17: KURS KF - legge ned, opprette kommunal teneste	113
5.18	Tiltak 18: Analyse IKT-utgifter.....	114
5.19	Tiltak 19: Reduksjon 1,8 årsverk, Strategi og samordning, nærstøtte.....	115
5.20	Tiltak 20: Konkurransenutsette administrative oppgåver.....	115

1 Sammendrag

Kinn kommune har behov for å utrede mest mulig konkrete tiltak for å saldere økonomiplanen for 2025-28. Kommunen har gjennomført et prosjekt med ekstern bistand til dette arbeidet. Prosjektet skal også bidra til en bedre budsjettprosess med tettere samarbeid mellom politikk og administrasjon. Kommunen har opprettet et finansutvalg for å lede arbeidet med utarbeidelse av økonomiplanen.


Agenda Kaupang har vært engasjert for å hjelpe kommunen med prosjektet. Agenda Kaupang har ikke laget tiltakene. Det er kommuneadministrasjonen som har laget tiltakene. Det har skjedd i sektorvise arbeidsgrupper ledet av de fire kommunalsjefene. Agenda Kaupang har bidratt med analyse, prosesshjelp, utredningshjelp og vært sekretær.

Prosjektet har hatt to faser: analyse og utredning av tiltak. Agenda Kaupang har levert to økonomiske analyser til kommunen (se egne dokumenter):

- Kommuneindeks 2024, som sammenligner tjenestekvalitet og kostnader med andre kommuner.
- Økonomianalyse 2023, som forsøker å forklare forskjeller i netto driftsutgifter. Årsaken til høye netto driftsutgifter kan være høyt volum av tjenester, lav produktivitet eller feil strategi (leverer feil tjeneste). Lave inntekter vil også påvirke nettoutgiften.

Kommuneindeksen rangerer Kinn kommune som nr 245 av 356 kommuner når det gjelder samlet styring i 2023. Målingen sammenligner både tjenestekvalitet, kostnader og finanser. Kinn har middels kostnadsnivå, middels kvalitet og svake finanser. Effektiviteten er bedre enn gjennomsnittskommunen i 10 av 13 tjenester, se figuren under. Effektiviteten er betydelig svakere enn gjennomsnittet i kommunegruppen.

4602 Kinn rangeres som nummer 245 i Kommuneindeksen 2024



Figur 1: Effektivitet i Kinn kommune. Kilde: Kommuneindeksen 2024.

Økonomianalysen viser at Kinn kommunen hadde høye netto driftsutgifter i 2023. Behovskorrigerte netto driftsutgifter var 144 millioner kroner høyere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7 (kommuner med 10-20.000 innbyggere og lave frie inntekter), se tabellen under. Kostnadsnivået er høyere i alle tjenester, bortsett fra landbruk. Sammenligningskommunene hadde opptil 200 millioner kroner lavere kostnadsnivå.

Tabell 1: Innsparingspotensial for Kinn kommune 2023 i millioner kroner. Kilde: Økonomianalyse 2023 for Kinn kommune, Agenda Kaupang.

Innsparingspotensial sammenliknet med kommunene i utvalget							
Tjeneste	1516 Ulstein	3026 Aurskog- Høland	3048 Øvre Eiker	4640 Sogndal	4647 Sunnfjord	4649 Stad	Gruppe 07
Administrasjon	6 mill.	-2 mill.	31 mill.	-30 mill.	20 mill.	17 mill.	12 mill.
Barnehage	29 mill.	20 mill.	21 mill.	28 mill.	2 mill.	26 mill.	22 mill.
Barnevern	22 mill.	28 mill.	5 mill.	35 mill.	18 mill.	32 mill.	17 mill.
Bolig	15 mill.	20 mill.	15 mill.	16 mill.	11 mill.	6 mill.	10 mill.
Brann	12 mill.	5 mill.	16 mill.	1 mill.	6 mill.	11 mill.	12 mill.
Grunnskole	17 mill.	45 mill.	67 mill.	17 mill.	8 mill.	37 mill.	27 mill.
Helse	9 mill.	1 mill.	1 mill.	-7 mill.	-2 mill.	11 mill.	1 mill.
Kirke	0 mill.	-2 mill.	3 mill.	0 mill.	-3 mill.	-4 mill.	0 mill.
Kultur	-14 mill.	0 mill.	16 mill.	2 mill.	-4 mill.	4 mill.	3 mill.
Landbruk	0 mill.	0 mill.	-3 mill.	0 mill.	-1 mill.	0 mill.	-1 mill.
Plan- og byggesak	7 mill.	10 mill.	7 mill.	-8 mill.	2 mill.	-3 mill.	4 mill.
Pleie og omsorg	87 mill.	41 mill.	19 mill.	-121 mill.	-14 mill.	-8 mill.	18 mill.
Samferdsel	6 mill.	23 mill.	14 mill.	10 mill.	0 mill.	-5 mill.	14 mill.
Sosial	-10 mill.	22 mill.	-2 mill.	5 mill.	15 mill.	-5 mill.	6 mill.
Totalt	185 mill.	210 mill.	211 mill.	-55 mill.	57 mill.	119 mill.	144 mill.

Kinn har tatt imot flere flyktninger enn det som er vanlig, og dette forklarer kanskje 40 millioner kroner av kostnadsforskjellen mellom Kinn og kommunegruppe 7. På bakgrunn av økonomianalysen, vedtok finansutvalget å be kommunedirektøren utrede sparetiltak til en verdi av minst 100 millioner kroner. På den måten skal kostnadsnivået kunne komme ned på gjennomsnittet i kommunegruppen.

I fase to av prosjektet er det utredet tiltak for å redusere netto driftsutgifter med 100 millioner kroner. Denne rapporten beskriver tiltakene som er utredet. Sparekravet ble fordelt mellom fire arbeidsgrupper i henhold til økonomianalysen i tabellen over. Det er utredet tiltak med en årlig verdi på 119 millioner kroner i løpet av økonomiplanperioden.

Sektor	Tjenester	Krav innsparing mill. kr.	Sum tiltak mill. kr.
Oppvekst	Skole, barnehage, barnevern	46	48
Samfunn	Tekniske tjenester og kultur	29	38
Helse og sosial	Pleie og omsorg, sosial og helse	16	19
Administrasjon	Administrasjon og fellesutgifter	8	14
SUM		100	119

Det er kommunalsjefene som har ledet arbeidsgruppene og legger fram tiltakene.

Tiltakene er utredet med analyse (hvorfor dette utredes), en beskrivelse av tiltaket, konsekvenser for brukerne, økonomisk effekt og tidsplan for gjennomføring.

Tiltakslisten overleveres som en meny, til bruk i kommunedirektørens forslag til økonomiplan 2025-28.

2 Oppvekst

Mandatet til arbeidsgruppa

Oppdraget er å finne tiltak som gjev ein samla kostnadsreduksjon på 46 millionar i økonomiplanperioden.

Det har vært tre heildagsmøter i arbeidsgruppa:

- ▶ 11.9.2024 Lage tiltak, idedugnad
- ▶ 26.9.2024 Vidareutvikle tiltak og supplere med nye tiltak
- ▶ 9.10.2024 Ferdigstilling av tiltak

Deltakarar i arbeidsgruppa

Gruppa har vært leia av kommunalsjef for området. Arbeidsgruppa har bestått av;

Namn	Rolle
Runa Hatlenes Nybakk	Kommunalsjef
Janne Halsør	Tenesteleiar Skavøypoll barnehage
Heidi Grande Røys	Tenesteleiar Havrenes barnehage
Annelin Refvik	Tenesteleiar Raudeberg skule
Bjørn Wilhelmsen	Tenesteleiar Eikefjord barne- og ungdomsskule
Jan Solheim	Tenesteleiar Florø ungdomsskule
Lena Eikefjord	Tenesteleiar barneverntenesta
Haldis Myklebust Førde	Tenesteleiar PPT
Mona Ødegård Standal	Rådgjevar
Marianne Nødset	Rådgjevar
Wenche Nordal	Hovudtillitsvalt Fagforbundet
Christer Reksten Solheim	Hovudtillitsvalt Utdanningsforbundet
Sten Tore Svennes	Agenda Kaupang

Deltakarane i arbeidsgruppa har hatt som oppgåve å utgreie aktuelle tiltak. Brei deltaking er viktig for å ha god kjennskap til og få eigarforhold til omstillingsarbeidet. Tenesteleiarane i oppvekstsektoren har derfor deltatt på felles arbeidsmøte, og bidratt til kvalitetssikring av tiltaka som er utgreidd.

Om tenester innan oppvekstområdet

Kommunalområdet Oppvekst omfattar tenester innanfor oppvekstområdet som tek i vare barn og unge sin rett til barnehagetilbod, grunnskuleoppl ring, pedagogisk-psykologisk teneste, helsestasjon- og skulehelseteneste og barnevernsteneste.

Tenester i arbeidsgruppa sitt ansvarsomr de (KOSTRA-funksjonar) omhandlar:

- 201 Barnehage
- 211 Styrka tilbod til f rskulebarn, styrking og spesialpedagogisk hjelp og tospr kleg assistent
- 202 Grunnskule
- 215 Skulefritidsordning
- 221 Barnehagelokale og skyss
- 222 Skulelokale
- 223 Skuleskyss
- 232 F rebygging helsestasjon og skulehelseteneste
- 233 Anna f rebyggjande helsearbeid
- 244 Barnevernsteneste
- 251 Barnevernstiltak n r barnet ikkje er plassert av barnevernet
- 252 Barnevernstiltak n r barnet er plassert av barnevernet

Foresl tte tiltak

Tabellen under syner arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak og berekning av den  konomiske effekten i  konomiplanperioden for   klare og innfri ei forventna innsparing p  kr 46 mill. Kvar tiltak er gjort greie for. Nokre tiltak vil krevje ytterlegare utgreingar. Dette vert kommentert under kvart tiltak.

Fleire tiltak vil m tte dr ftast med arbeidstakarorganisasjonane, d  dei omhandlar dei tilsette sine arbeidstill ve. For fleire av tiltaka er det naudsynt   sikre prosess med medverknad, og h yringar (forskrifts- og vedtektsendringar).

Nr	Namn tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
1	Avvikle rullerande inntak i barnehage		1	2	2	2
2	Endre pedagogdekning til 50% av grunnbemanninga		0,1	0,1	0,2	0,3
3	Reduserer administrasjonsressurs /leiarressurs i barnehage			0,05	0,05	0,1
4	Redusere ressurs til tiltak for minoritetsspr�klege barn	0,6	2,1	2,7	2,7	2,7
5	Redusere ressurs til barn med s�rskilt behov (bhglova �� 31 og 37)	1	1	1	1	1
6	Feriestengde barnehagar	0	0,42	0,6	1	1
7	Oppvekstsenter (synergieffekt)	0	0	0	0	0
8	Auke del av private barnehageplassar (teoretisk tiln�rming)		0,6	0,9	1,5	2,4
9	Strukturtiltak i grunnskulen		1,2	2,9	18,3	24,9
10	Omstilling i grunnskulen	0	3	4	5	7

11	Reduksjon av merkantil stilling, grunnskule (adm.ressurs)	0	0,15	0,35	0,35	0,35
12	Omstilling SFO - redusert opningstid		0,2	0,47	0,47	0,47
13	Omstilling SFO - redusert bemanning 1:1		1	2,5	2,5	2,5
14	Reduksjon av merkantil stilling PPT	0,35	0,35	0,35	0,35	0,35
15	Reduksjon av merkantil stilling helsestasjon	0,35	0,35	0,35	0,35	0,35
16	Omstilling i barneverntenesta		3	5,3	5,3	5,3
		2,3	14,47	23,57	41,07	50,72
8	Auke del av private barnehageplassar (teoretisk tilnærming)		-0,6	-0,9	-1,5	-2,4
		2,3	13,87	22,67	39,57	48,32

Kommentarar til analysen av tenestene:

Barnehage

Utgiftsbehovet til barnehage i Kinn kommune er berekna til 90,5% av landsgjennomsnittet. Utdanningskriteriet i kostnadsnøkkelen for statleg berekning av utgiftsbehov, er grunngeve med at etterspørselen etter barnehageplassar er større til høgare foreldre si utdanning er. Utdanningsnivået i befolkninga i Kinn er lågare enn landsgjennomsnittet, men etterspørselen etter barnehageplassar samsvarer ikkje med staten sitt berekna utgiftsbehov. På grunn av vektninga i staten sin kostnadsnøkkel, mister Kinn kommune kr 10 mill årleg i statleg rammeoverføring.

Økonomianalysen til Agenda Kaupang syner at barnehageutgiftene i Kinn kommune er høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7. Kinn kommune har høgare barnehagedekning (97,5% i 2023) enn snittet i kommunegruppe 7, og fleire av kommunane i gruppa.

Stortinget har vedtatt alle dei viktige rammevilkåra for barnehage, og dette er regulert i barnehagelova med forskrifter: kva barn som har rett til plass, kor mange som skal jobbe med desse barna (bemanningnorm), kva kompetanse skal bemanninga ha (pedagognorm), kva skal barnehageplassen koste (foreldrebetaling), ordningar med redusert betaling for foreldre med låg inntekt.

Kommunen har hatt ei bevisst satsing på å gje barnehagetilsette grunnkompetanse som fagarbeidar og barnehagelærar, og å stimulere til vidareutdanning gjennom å tilby kompetanselønn. Tiltaka som er utgreia på barnehageområdet omfattar tiltak som ikkje er lovpålagde, og tiltak der Kinn kommune har "betre kvalitet" enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7.

Grunnskule

Kinn kommune har ei dyr grunnskuledrift. Dersom Kinn kommune skal drifte grunnskulen (202) slik som snittet av kommunegruppe 7, vil utgiftene gå ned med 26 mill (Agenda Kaupang).

Dei behovskorrigererte utgiftene per. elev i dei kommunale grunnskulane er vesentleg høgare enn kommunegruppe 7 og andre samanliknbare kommunar. Slike høge utgifter pr. elev, kan skuldast små skular eller lav produktivitet. Skulane i Kinn er mindre enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7. Kinn kommunen har hatt ein sterkare vekst i talet på årsverk per elev enn kommunegruppe 7 dei siste åra.

Befolkningsprognosane framover viser at elevtalet i grunnskulen går ned, og som følgje av dette vil rammetilskotet som kommunen får på grunnskule verte redusert med 80 mill. fram til 2040.

2.1 Tiltak 1: Barnehage: Avvikle rullerande inntak; tilbod til barn som ikkje har rett til plass

Analyse

1. Kinn kommune har høge kostnader med ordinær barnehagedrift samanlikna med gjennomsnittet i kommunegruppe 7. Høg barnehagedekning (97,23% per 15.12.2023) er ein viktig grunn til dette.
2. Det er ei politisk målsetting at småbarnsfamiliar skal flytte til, og etablere seg i kommunen. Kinn kommunestyre har utvida retten til barnehageplass og vedtatt at barn fødte i desember og seinare, skal ha tilbod om barnehageplass innanfor vedtatt ramme. Barnehagesektoren er tilført auka ramme i handlingsprogram og økonomiplanvedtak:

Politisk vedtak - finansiering rullerande barnehageinntak

	2022	2023	2024	2025	2026	2027
KOST-91/22	500					
KOST-183/22		2500	2500	2500	2500	2500
KOST-179/23			-1250	-2500	-2500	-2500
			1750	2000	2000	2000
Sum i barnehageramma	500	2500	3000	2000	2000	2000

3. Gjennom vedtak om rullerande barnehageinntak har kommunen ein auka kostnad med å finansiere barnehageplassar for barn som ikkje har rett til barnehageplass, slik dette går fram av barnehagelova §10, andre ledd og §16. Ved å ta bort tilbodet om rullerande inntak, kan ein redusere kostnaden med barnehagedrifta.

Omtale av tiltaket

Stortinget har vedtatt at barn som fyller 1 år innan 30 november, har rett til barnehageplass, jf barnehagelova § 16.

I 2023 og 2024 finansierer vedteken rammeauke om lag ei småbarnsavdeling. Dei fleste barna som er tildelt «rullerande plass» startar i barnehage i januar og utover våren, og er såleis ikkje registrert på rapporteringa i BASIL per 15.12.

Ved å ta bort tilbodet om rullerande inntak for barn som ikkje har rett til barnehageplass etter barnehagelova §16, kan ein i økonomiplanperioden spare inn kr 1 mill frå 2025 med heilårsverknad på kr 2 mill frå 2026. Rammereduksjonen vil og ha effekt på berekninga av tilskotssatsar til private

barnehagar. Kommunale tilskotssatsar er berekna ut frå kommunen sitt to år gamle rekneskap for kommunal barnehagedrift.

Positive konsekvensar:

- Tar bort eit tilbod som ikkje er lovpålagt, og som bidreg til at barnehagesektoren får ei dyr drift.
- Ved å fjerne rullerande inntak vil barnehagane få betre moglegheit til å planlegge bemanning og ressursbruk meir nøyaktig. Dette gir ei meir stabil drift gjennom året.
- Tiltaket kan bidra til meir effektiv bruk av barnehageressursane, slik at plassar og personale blir tilpassa etterspørselen basert på dei barna som har rett på barnehageplass.
- Redusert tilbod kan gi betre økonomisk utteljing i tilskotsordninga mellom offentlege og private barnehagar, sidan tilskottsgrunnlaget vil bli basert på lågare kostnader.

Negative konsekvensar:

- Foreldre som har barn fødde i desember/januar får ikkje barnehagetilbod når dei skal attende til arbeid etter avslutta fødselspermisjon
- Vanskelegare for arbeidsgjevar å få tilsette attende i jobb etter avvikling av permisjon.

Tidsplan og effekt

Tiltaket med rullerande barnehageinntak er finansiert med kr 2 mill frå 2025. Det er mogleg å spare inn kostnaden med tiltaket allereie frå hausten 2025.

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt		1	2	2	2

2.2 Tiltak 2: Barnehage: Endre pedagogdekninga til 50% av grunnbemanninga

Analyse

Kinn kommune har pr 15.12.2023 ei dekning av barnehagelærarar på **53%**.

Forskrift om pedagogisk bemanning seier at barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år og ein pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Eitt barn til utløyser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder.

Kjelde: [Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager - Lovdata](#)

Omtale av tiltaket

Over tid kan ein redusere tal barnehagelærarar mot auke i tal fagarbeidarar, slik at ein kjem ned på dekningsgrad 50%. Pedagogstilling vert erstatta med fagarbeidarstilling slik at ein innfrir kravet til bemanningsnorm.

- Til samanlikning har nabokommunane våre slik pedagogdekning:

Stad: 48% dekning

Bremanger 43% dekning

Sunnfjord: 43 % dekning

Kjelde: [Søk - Barnehagefakta.no](#)

Positive konsekvensar:

- Reduserte lønnsutgifter.
- Auke i talet på fagarbeidarar kan bidra til meir fleksibel bemanning i kvardagen, då fagarbeidarar kan utføre mange av dei praktiske oppgåvene som støttar det pedagogiske arbeidet, samtidig som barnehagelærarane kan konsentrere seg om meir komplekse oppgåver som krev høgare utdanning.

4.

Negative konsekvensar:

Å redusere tal barnehagelærarar er å gå i motsett retning av regjeringa sin barnehagestrategi, med mål om at minst 50 prosent av dei tilsette skal vere barnehagelærarar med ei opptrapping til 60% fram mot 2030.

Å redusere tal pedagogar bygger ned fagkompetansen i barnehagane, og reduserer moglegheit til systematisk arbeid med førebygging og tidleg innsats. Pedagogisk arbeid krev tilsette med kompetanse om barn, barnehagedidaktikk og pedagogikk som jobbar saman i profesjonelle læringsfelleskap i barnehagane og i samarbeid med aktuelle hjelpetenester.

Barnehagelærarar sikrar systematisk pedagogisk arbeid og varetek mandatet til barnehagen, som første del av utdanningsløpet. Barnehagelærarar har eit stort ansvar for å rettlege, leie og drive kollektive læringsprosessar i barnehagen, og å følgje opp foreldresamarbeidet.

Pedagogdekninga slik den er i dag gjev oss kompetanse og mogelegheit til å gjennomføre tiltak om spesialpedagogisk hjelp innafor ordinær bemanning. Reduksjon i tal pedagogar vil føre til at ein må lyse ut etter denne kompetansen for å gjennomføre vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Pedagogdekninga gir Kinn kommune fleksibilitet i barnehageinntaket då ein har kapasitet til å auke opp barnegruppene når det er trong for det, utan å auke pedagogressursen eller søkje om dispensasjon frå utdanningskravet. Denne fleksibiliteten vil falle bort ved reduksjon av tal pedagogar.

Med låge søkjartal til barnehagelærarutdanninga, vil det verte ei framtidig utfordring å sikre barnehagelærarar til pedagogstillingar.

Tidsplan og effekt

Differansen mellom pedagogløn og fagarbeidarløn er om lag kr 100 000. Ein må gjennomføre tiltaket over tid som til dømes ved naturleg avgang der ein omdisponerer fagkompetanse mellom barnehagane.

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt		0,1	0,1	0,2	0,3

2.3 Tiltak 3: Barnehage: Redusere administrasjonsressurs/leiarressurs

Analyse

I Agenda Kaupang – rapport Økonomianalyse 2023 går det fram at *barnehageutgiftene i Kinn på funksjon 201 og 211 var omtrent 22 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7 i 2023. Årsaker:*

- *Ordinære plasser var dyrare. Hovudårsaka er svært høg dekningsgrad.*
- *Kinn har **litt høgare** bemanning for styrarar og litt høgare andel barnehagelærarar enn gjennomsnittet av kommunar.*

- *Kinn har høgare produktivitet på avdelingane enn gjennomsnittet i gruppa. Det trekker utgiftene ned.*
- *Kinn har antaakeleg hatt meir styrkingstiltak for minoritetsspråklege barn enn det som er vanlig”*

Omtale av tiltaket

Alle barnehagane har leiarressurs i samsvar med særavtale SFS 2201 – Barnehagar, skulefritidsordningar, skule og familiebarnehagar, med utgangspunkt i tal barn/fulle avdelingar.

Kjelde: Særavtalen SFS 2201 – Barnehagar, skulefritidsordningar, skule og familiebarnehagar
<https://www.ks.no/contentassets/faff88fd6fbb4acdadc0e174ac73966a/SFS-2201-Protokoll-og-avtaletekst.pdf>

Til samanlikning er avtale om leiarressurs i private barnehagar (PBL) lik leiarressursen slik den går fram av Særavtalen SFS 2201.

“3.1.1 Styrer/leder i barnehage

En barnehage skal som hovedregel ha styrer i hel stilling, jf. HTA kap 1 §2.3. I barnehager med plass til 42 barn eller mer, skal det avsettes hel stilling til lederoppgaver. I store barnehager bør det opprettes stilling som assisterende styrer.

Styrer i mindre barnehager kan også utføre andre arbeidsoppgaver enn dem som naturlig tilligger styrer (for eksempel arbeid i barnegruppe). Disse oppgavene tidsdimensjoneres etter drøftinger lokalt, likevel slik at tid til lederoppgaver skal utgjøre minimum 35 % av styrers stilling...”

I samsvar med særavtale SFS 2201, er utmåling av leiarressurs til barnehagane i Kinn lagt inn i budsjettfordelingsmodellen med kriterium 0,35 årsverk pr full barnegruppe. Frå 2024 har barnehagane i Kinn 12,3 årsverk til leing. Samanlikna med landsgjennomsnittet har Kinn 15 plassar færre per styrar.

Assisterande styrar er gitt eit funksjonstillegg på kr 15 000,-.

Ved å sjå på omfanget av leiarressursen til barnehagane, kan ein redusere årsverk leiarressurs likt med landsgjennomsnittet.

Positive konsekvensar ved å redusere leiarressursen:

- Reduserer lønnskostnadane i barnehagane
- Redusert leiarressurs kan føre til meir effektiv ressursbruk ved å eliminere unødvendige administrative oppgåver. Dette kan bidra til å fokusere meir på kjerneoppgåvene i barnehagen.

Negative konsekvensar ved å redusere leiarressursen:

- Mindre tid til personalleiing, pedagogisk leiing og administrativ leiing, som vil føre til at oppgåver ikkje vert utført eller at kvaliteten på arbeidet vert dårlegare.
- Ein viktig del av leiaroppgåvene er oppfølging av sjukefråvær. Fråvær i barnehagesektoren i Kinn er i 2023 12,4%. Til samanlikning er landsgjennomsnittet 10,5 %. Det er ved godt nærversarbeid ein kan redusere utgiftene. Å kutte leiarressursen vil gjere arbeidet med nærvær og oppfølging av personale vanskelegare.

Kjelde: Kinn kommune

5. Viktige omsyn som må vektleggast ved reduksjon av leiarressursen:

- Assisterande styrar er ansvarleg når tenesteleiar deltek i arbeid utafor eininga, som t.d. deltaking i omstilling, utarbeiding av kommunale planar, oppvekstnettverk og kompetanseutvikling i barnehagen, når leiar har ferie og ved lengre sjukefråvær.
- Stilling som *assisterande styrar* er ein av få karriereveggar utanom styrarjobben, som kan vere med på å halde barnehagelærarar i arbeid ute i barnehagane. Dette aukar òg den samla leiarcompetansen i sektoren og i kommunen. Dei fleste leiarane har tatt/er i gong med/ skal ta styrarutdanninga og/eller master i leiing.
- Ass.styrar er ei god rekrutteringsstilling til leiarstillingar i barnehagen.
- Å redusere leiarressursen vil kunne føre til at ein må delegerer oppgåver til pedagogisk leiar. Dette vil gje mindre pedagogtid saman med barna.
- Administrative oppgåver som tidlegare vart koordinert og løyst sentralt, er delegert til tenesteleiar.
- Fleire nye digitale verkty, krev at leiar i større grad vert superbrukar overfor sine tilsette (ikkje eigne IKT-ressursar i bhg).

Tidsplan og effekt

Assisterande styrar er også pedagogisk leiar (samla 100% stilling). Tiltaket må gjennomførast over tid, ved omplassering i ledige pedagogstillingar som måtte oppstå ved t.d. naturleg avgang.


Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt			0,1	0,1	0,2

2.4 Tiltak 4: Barnehage: Ressurs til minoritetsspråklege barn – funksjon 21102

Analyse

Kinn kommune driv kommunalt asylmottak og er stor busetjingskommune for innvandrarar og asylsøkjjarar. Barn på asylmottaket får tildelt barnehageplass (så sant det er ledige plassar), på lik linje med busette barn. Kinn kommune har også mange arbeidsinnvandrarar.

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.



Kilde: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

I Kinn kommune går 86,3% av barna med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage, og barnehagane er ein viktig arena for inkludering og kulturformidling/-forståing. Vel **21,3 %** av barna i Kinnbarnehagane er minoritetsspråklege, mot t.d. 8,7% i Stad, 10,3% i Sogndal, 12,8 i Ulstein og 13,8% i Sunnfjord, og 17 % i heile kommunegruppe 7.

Kjelde:

[12272: Minoritetsspråklige barn i barnehager 1-5 år \(K\) 2015 - 2023. Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)

Flora kommune løyvde i si tid kr 2,97 mill til språkarbeid i barnehage, knytt til det høge talet minoritetsspråklege barn i barnehagane. Denne summen er vidareført i Kinn kommune, med er redusert som del av saldering i sektoren til kr 2,697 mill. Denne summen medverkar til at barnehagane kan utforme tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for dei minoritetsspråklege barna. Dette er ikkje eit lovpålagt tiltak, med eit viktig bidrag i arbeidet med inkludering, førebygging og tidleg innsats til ei sårbar gruppe barn. Den ekstra satsinga på språkarbeid i barnehagane i Kinn kommune, vert synleggjort som høg kostnad på funksjon 211.

Omtale av tiltaket

For å redusere kostnaden på funksjon 211 (Styrka tilbod til førskulebarn, tospråkleg assistent), kan ein ta bort satsinga. Barnehagane vil få redusert moglegheit til å utforme og gjennomføre tiltak for å styrke språkutviklinga til dei minoritetsspråklege barna. Slike tiltak må då gjennomførast som del av det ordinære barnehagetilbodet.

Positiv konsekvensar:

- Redusere lønnskostnadane i barnehagane

Negative konsekvensar:

- Å kutte i språkarbeidet kan føre til at barna lærer seg norsk seinare, vert mindre inkludert og kan påverke deira leseforståing og skuleprestasjonar seinare. Det vil vere det motsette av tidleg innsats for denne gruppa barn.
- Kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre krev ekstra tid og planlegging frå pedagogen i foreldresamarbeidet. Bortfall av tospråkleg ressurs vil gå utover viktig arbeid med barna og foreldredialogen.

Kjelde:

[Rammeplan for barnehagen | udir.no](#)

[Veileder om språklig mangfold – en berikelse for alle barn i barnehagen! \(2023\) – morsmål.no \(morsmal.no\)](#)

Tidsplan og effekt

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt	0,6	2,7	2,7	2,7	2,7

2.5 Tiltak 5: Barnehage: Redusere ressursar til barn med særskilt behov (Barnehagelova §§31 og 37)

Analyse:

Kinn kommune har lågare tal på spesialpedagogiske tiltak i barnehagen, samanlikna med kommunegruppe 7. Dette kan vere fordi god pedagogdekning gjev førebyggjande effekt, med god inkludering og tilrettelegging av tilbodet for barna. God pedagogdekning gjev også barnehagane betre moglegheit til å gjennomføre spesialpedagogiske tiltak i samsvar med vedtak.

Tabell %-vis barn med spesialpedagogisk tiltak Kinn kommune- kostragruppe 7, 2020-2023

	2023	2022	2021	2020
Gruppe 7	3,6	3,5	3,5	3,5
Kinn	2,4	3,0	2,9	2,4

Kilde: [13502: Utvalgte nøkkeltall for barnehager \(K\) 2015 - 2023. Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)

Omtale av tiltaket

Tal på barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagen har gått ned frå 2022 til 2023, og talet på barn med ekstra behov ser ut til å halde seg lågt slik vi kjenner det i dag. Det er derfor mogleg å redusere ressursen.

Å redusere løyvinga har som føresetnad at barnehagane løyser ein del av trongen for hjelpetiltak innafor dei ordinære ressursane, gitt dagens pedagogdekning.

Positive konsekvensar:

Ramma vert tilpassa i høve tal barn som treng spesialpedagogisk hjelp

Tidsplan og effekt

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt	1	1	1	1	1

2.6 Tiltak 6: Barnehage: Redusere vikarbehov ved å feriestenge barnehagane 3 veker om sommaren og 1 veke i romjul /påske

Analyse

Barnehagane i Kinn har ope alle dagar utanom offentlege heilag- og høgtidsdagar og 5 avtalefesta planleggingsdagar i året (særavtale SFS 2201). Barnehagane stengjer kl. 1200 på after og dagar før heilagdag.

I motsetning til andre kommunar, har ikkje Kinn kommune fastsett krav i vedtektene om at barn har samanhengande ferie i perioden 01.06-01.09. Foreldre skal melde barna sin sommarferie innan 1. mai i ferieåret. Juli månad er betalingsfri månad ut frå av barna skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eitt barnehageår. Erfaringar syner at fleire foreldre avviklar ferie gjennom heile året. Dette fører ofte til stort behov for ferievikarar, då tilsette hovudsakleg avviklar ferien i perioden 01.06 - 01.09.

Ved å feriestenge barnehagane 3 veker i juli og 1 veke i romjul/påske, kan behovet for vikarar reduserast.

Omtale av tiltaket

Kommunane i gruppe 7 har ulike ordningar med feriestenging i løpet av barnehageåret:

Sunnfjord:

Barnehagane er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar, 24.desember., 31.desember., samt 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Onsdag før påske stengjer barnehagen kl. 12.00. I tillegg skal barna ha ferie i 3 veker som skal vere samanhengande og takast ut i perioden 1. juni og til 1. september. Foreldre/føresette skal melde barna sin ferie til barnehagen seinast 1. mai i ferieåret. Barnehagar med 1-2 avdelingar kan ha sommarstenging i inntil 3 veker.

Ulstein:

Alle barn skal ha minst fire veker ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av vekene skal vere samanhengande og avviklast i tidsrommet 15.06-14.08. Den fjerde veka kan leggjast til jul/påske når barnehagen har stengt. Barn som byrjar på skulen må ha avvikla ferie innan utgangen av juli. Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05 i inneverande år.

Øvre-Eiker:

Barnehagen er stengt 5 planleggingsdager pr. år. Julaften og nyttårsaften er barnehagen stengt. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00 Barnehagane er stengt de 3 siste hele barnehageukene (mandag-fredag) i juli. Alle barn skal ha 4 ukers ferie i løpet av året. I romjulen og dagene før påske stenges barnehagen dersom det etter kartlegging meldes om at det blir 5 barn eller færre. Melding om dette gis minimum en uke før romjul/påske.

Ei ordning med feriestengde barnehagar i Kinn kommune må på høyring i barnehagane sine foreldreråd og samarbeidsutval, før ei endring kan fastsetast i *Vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune*.

Endringar av tilsette sine arbeidsforhold må forhandlast med arbeidstakarorganisasjonane.

Positive konsekvensar:

- Tilsette sin ferie vert i hovudsak avvika i ein periode der barnehagen er stengd.
- Sparar utgifter til ferievikarar
- Tiltaket kan sikre ei meir stabil bemanning gjennom året. Det betyr at barna møter personale dei kjenner og er trygge på. Foreldra opplever at barnehagen er ein trygg stad å vere heile året,
- Ved ferieavvikling pr no kan det vere utfordrande å sikre kjent og stabilt personale heile sommaren.
- Reinhold får gjennomføre effektiv hovudreingjering og golvvedlikehald i perioden når barnehagane er stengd.

Negative konsekvensar:

- Foreldre må tilpasse sin ferie etter feriestengd barnehage.
- Nokre tenester, t.d. helsesektoren, kan få utfordringar i høve bemanning i ferien om "alle" skal ha "fellesferie" 3 veker i juli.

Tidsplan og effekt

Ei ordning med feriestengde barnehagar kan tidlegast få effekt frå 2025, og då med halvtårsverknad for å tilpasse avvikling av tilsette si 5. og 6. ferieveke. Det er gjort ei kalkulert berekning på ei årleg innsparing på kr 1 mill ved å innføre feriestengde barnehagar.

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt		0,4	0,6	1	1

2.7 Tiltak 7: Barnehage: Kan ein hente ut effekt av auke samarbeid mellom Skavøypoll skule og Skavøypoll barnehage?

Analyse

6. Det er sett på moglege synergieffektar ved å auke samarbeidet mellom Skavøypoll skule og Skavøypoll barnehage. Finansutvalet peika også på at dette kan vere mogleg å sjå på også for andre barnehagar og skular som ligg nær kvarandre i avstand.

7.

8. Omtale av tiltaket

I dag er det 2 skular og barnehagar i Kinn som er samorganisert i ein organisasjon med felles leiing. Torvmyrane skule har 1-7 skule, 5 avdelings barnehage, SFO-tilbod og innføringsklasse samorganisert i organisasjonen, og Brandsøy skule og barnehage har 1-7 skule, 2 avdelings barnehage og SFO-tilbod samorganisert i organisasjonen.

Leiinga ved kvar av desse organisasjonane har leiarressurs tilsvarande det som ein ville hatt om ein ikkje var samorganisert. "Styrarstillinga" er t.d. definert som inspektørstilling med barnehagefagleg kompetanse. Bemanningsnorm og lærarnorm styrer ressursbehovet. I SFO er det ein rettleiande bemanningsnorm på 15 barn pr vaksen.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6

Synergieffekten kan beskrivast som heilskapleg pedagogisk og systematisk tilbod for barna, med progresjon i tilbodet/opplæringa i forhold til alder. Dette vert sikra gjennom fagkompetanse tilpassa

ulike læringsmål (rammeplan og fagplanar) i felles personalgruppe. Felles aktivitetar sikrar inkludering av barn, elevar og tilsette. Dei tilsette har felles personalrom og deler på arbeidsrom.

Skavøypoll skule og Skavøypoll barnehage er ikkje samlokaliserte eller samorganisert, men ligg tett ved kvarandre. Skulen og barnehagen har i dag eit tett samarbeid.

- Barnehagen nyttar gymsal, bibliotek, klasserom, og møterom på skulen
- Barnehagebarn og elevar deler på uteområde
- Det er fagleg samarbeid kring enkeltbarn og i høve overgang frå barnehage til skule.
- Det er gode føresetnader for tverrfagleg samarbeid for barn i aldersgruppa 1-13 år, som lettar overgangen frå barnehage til skule.
- Det er positivt at personale frå barnehagen i spesielle høve "følgjer over" i skulen. Barnehagelærarane har god kompetanse på lek, som er viktig på småtrinnet.

Ved ei samorganisering til ein organisasjon, kan det sparast inn 40% stilling som assisterande styrar. Eit tiltak med å samorganisere tenestene krev ein lengre prosess der ein må sikre medverknad av involverte partar. Tiltaket vil også ha investeringsbehov.

Tiltaket må også sjåast i samheng med tiltak knytt til skulestruktur, og behovet for å redusere skuleareal på grunn av nedgang i elevtalet.

Positive konsekvensar:

- Redusere tal på tilsette med 40% stilling gjev økonomisk innsparing
- Samarbeid om barn og elevar kan halde fram som i dag
- Større moglegheit til å nytte personalet sin kompetanse på tvers av tilboda.
- Ein kan planlegge for, og tilby eit heilskapleg pedagogisk og systematisk tilbod for barn og elevar.

Negative konsekvensar:

Det er meir krevjande med felles leiding i 2 separate bygg/einingar der det ikkje er høve til felles arbeidsrom og personalrom som rommar alle. Det vil verte vanskeleg å skape ein felles kultur.

Samarbeid mellom t.d. barnehage og SFO vert vanskeleg ut i frå at tilboda vert gjennomført i 2 bygg, og det er færrest tilsette om morgonen og om ettermiddagen.

Tidsplan og effekt

Ei eventuell omorganisering av Skavøypoll skule og Skavøypoll barnehage til ein samordna organisasjon som oppvekstsenter, vil truleg gje driftsmessige innsparingar på 40% stilling. Tiltaket vil krevje auka investeringar for å kunne realiserast. Dette vil handle om t.d. felles personalareal og arbeidsplassar, som gjev betre føresetnadar for å byggje felles kultur. Ei auka investering vert vanskeleg å gjennomføre på nåverande tidspunkt. Det vil krevje ein lengre prosess for å sikre medverknad og få til gode prosessar i arbeidet med å byggje ein organisasjon.

Tiltaket må også sjåast i samheng med andre tiltak som er utgreia, som til dømes skulestruktur, behovet for å redusere skuleareal på grunn av nedgang i elevtalet og tiltak som vil gje redusert årsverks-effektar.


Skulen og barnehagen har i dag eit positivt samarbeid om areal og i høve enkeltbarn. Dette samarbeidet har gode føresetnadar for å halde fram, slik tenestene er organisert i dag.

Tiltak	Effekt 24	Effekt 25	Effekt 26	Effekt 27	Effekt 28
Økonomisk effekt		0	0	0	0

2.8 Tiltak 8: Barnehage: Auke andelen private barnehageplassar

Analyse

Kostradata tyder på at private plassar kostar kommunen omlag 20.000 kroner mindre enn kommunale plassar i 2023, sjå figuren under.



Tabellen framstiller ei forenkla berekning av sjølvkost i kommunale barnehagar. Det er brukt korrigererte brutto driftsutgifter, der fellesutgifter (barnehagemyndigheit, regnskapsfeil osv) er tatt med. På den andre sida er ikkje administrasjonspåslag på 4,3 % lagt til (4,3 mil kr). I berekninga av tilskot til private barnehagar for 2023 var frådrag i rekneskapen rundt 2,5 millionar kroner.

Kr 20.000 kroner per plass tilsvarar omtrent forskjellen mellom kommunen sine pensjonsutgifter i 2021 og 10% premiepåslag i berekninga av satsar for tilskot for 2023.

Demografisk utvikling syner at tal eldre aukar sterkt framover. Men nye tal frå SSB syner at talet er noko lågare enn tidlegare antatt. I ein periode har no kommunen hatt nokre ledige rom i HDO i Markegt. 55. Dette kan også vere ein konsekvens av ein strengare tildelingspraksis (ny tenestestandard tatt i bruk), der ein har fokus på at innbyggjaraen skal bu i eigen heim så lenge som mogeleg, med hjelp frå heimetenesta. Dei som no får plass på HDO Markegt.55 har stort hjelpebehov.

I andre periodar har kommunen opplevd å måtte betale for liggedøgn på sjukehus og overbelegg i tenestene. Når ein har ledige rom i tenesta kan ein ikkje ta ned planlagt bemanning som ligg i godkjent turnus, men ein kan redusere behov for innleie ved sjukefråvær mv. I periodar med overbelegg vil ein i periodar ha behov for ekstra innleige.

Dersom ein lar ein etasje i Markegt 55 stå ledig ein periode, vil ein kunne gjere turnusendringar som vil gje ein økonomisk innsparing.

Teoretisk, dersom ein legg same dekningsgrad til grunn i heile kommunen skal ein også kunne halde ledig tilsvarande HDO plassar i Måløy. Men i praksis er det ikkje mogleg. Det er eit sterkt press på både HDO og institusjon på Kulatoppen, og det er pr i dag overbelegg. Kva som er årsaka til dette er ikkje lett å sei, då tala er korrigert for tal innbyggjarar på 80+ i dei to delane av kommunen.

Det kan vere krevjande å halde desse plassane ledige i heile økonomiplanperioden, men innsparingskravet som ligg til tenesta vert innfridd gjennom å hjelpe innbyggjarane til å bu heime så lenge som mogeleg. Tiltaket vil medføre at heimetenesta må ha auke i ressursane. Det vil også føre til utgifter til tomgangsleige.

Omtale av tiltaket

Stenge mellombels ei etasje i Markegt.55. Det betyr ein reduksjon på 8 heildøgnsbemanna omsorgsbustader ein periode. Tala viser "netto innsparing" i slik størrelses orden:

årleg innsparing fullårseffekt 2 170 000,-.

Det er då tatt omsyn til tomgangsleige og ei auke i bemanning i heimetenesta. Turnusendringar må gjerast og det vil ta ein periode før ein får effekt. Fagtilsette må då ein periode flyttast til andre områder innafor helse og velferd.

Det er knytt stor usikkerheit til kor lenge ein kan halde desse plassane tomme. Når brukarane treng døgnkontinuerleg tilsyn treng ein plass på HDO eller institusjon.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Reduserte nettodriftsutgifter
- ▶ Vriding av ressursar som mogleggjere mål om å vere heimetenestekommune
- ▶ Innbyggjarane vil kunne bu i eigen heim så lenge som mogeleg

Negative konsekvensar

- ▶ Endringar kan være krevjande og kan medføre motstand frå innbyggjarar og tilsette
- ▶ Kan bli noko ventetid for dei som har behov for høgere omsorgsnivå før ein får tildelt heildøgns omsorgsbustad
- ▶ Det kan bli raskt behov for å opne plassane igjen
- ▶ Vi kan på grunn av usikkerheit miste fagtilsette
- ▶ Dekningsgrad basert på tal 80+ vert svært ulik i dei to kommunesentera
- ▶ Innbyggjarane kan få tilbod om HDO plass i ein anna del av kommunen enn der ein bur

Tidsplan for økonomisk effekt (i mill. kroner)

Skrive noe om vidare utgreiingsbehov.

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Mellombels stenging av 8 HDO bustader		1,0	2,0	2,0	2,0

4.7 Tiltak 7: Avvikle bruk av 3-mannsrom på Furuhaugane

Analyse

SIO rapport viser at Furuhaugane har hatt noko ledig kapasitet i periodar 2024. Dette er truleg også basert på endra tildelingspraksis som følge av ny tenestestandard. Per i dag er 16 plassar på avdeling C ved Furuhaugane avsett til korttidsopphald. Av desse plassane er det 3x3mannsrom. I praksis har desse romma også vore nytt til langtidspasientar. Det er viktig å ha kapasitet til å ta imot pasientar frå sjukehus som treng rehabilitering før ein kan reise heim. Samt plassar til avlastning for brukarar som bur heime med hjelp frå pårørande. Men det er utfordrande å ha 3 pasientar på same rom, både for pasientane og for pleiepersonalet. Ved å gjere om desse 3-

manns romma til 2- mannsrom vil det bli betre for både pasientane og for pleiepersonalet. Tiltaket medfører at ein kan redusere behov for tilsette og dermed vil ein kunne få innsparingseffekt gjennom turnusendring.

Omtale av tiltaket

Tiltaket inneberer å gjere om 3-mannsstuer til 2-mannsrom. Tilbod i tomannsrom skal nyttas til ulike korttidstilbod. Tiltaket inneberer ein reduksjon på 3 plassar. Tal på tilsette i turnus tilpassast etter det. Reduksjonen i bemanning vert tatt ned gjennom naturleg avgangar i personalgruppa. I tillegg vil tiltaket kunne gje redusert behov for innleie ved frávær mv.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Betre buforhold for pasientane og arbeidsforhold for tilsette
- ▶ Reduksjon av driftsutgifter
- ▶ Større forutsigbarhet og moglegheit for planlegging (for personalet og for leiinga)

Negative

- ▶ Mindre fleksibilitet i tenesta med omsyn til ulike kortidsopphald
- ▶ Kan bli behov for å ta i bruk plassane på kort varsel, vil medføre utfordringar med å få tilstrekkeleg fagkompetanse på plass
- ▶ Reduksjon av kapasitet i institusjon
- ▶ Spesialisthelsetjenesten bygger ned kapasitet. Dette fører til tidlegare utskriving av pasientar, og redusert liggetid i sjukehus. Reduksjon i bruk av tremannsrom kan føre til auka betaling for kommunane dersom ein ikkje har kapasitet (institusjon, heimetenester mv.) til å handtere pasientar som er meldt utskrivingsklare.

Tidsplan og effekt

Dersom dette vært avgjort, vil det kunne bli handtert i ny årsturnus 25/26, med redusert bemanning i turnus. Tiltaket gjennomførast ved at ein ikkje erstattar eventuelle oppseiingar/permisjonar når dei kjem.

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Omgjere tre-mannsrom til to-manns rom	0,3	0,7	2,2	2,2	2,2

4.8 Tiltak 8: Albertatunet

Analyse

Demografiske framskrivningar og behovsoversikt viser at kommunen treng fleire sjukeheimsplassar og omsorgsbustader til personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester framover. Albertatunet inngår som ein del av løysninga for å få dette til. Albertatunet er planlagt å både innehalde ulike institusjonsplassar (100), men også base for heimetenestene, legevakt, dagaktivitetstilbod, trening/rehabiliteringslokaler og kafè/kantine-allrom. På den måten kan også Albertatunet være ein tverrfagleg arena som mogleggjer betre utnytting av ressursar og større moglegheit for å rekruttere.

Visjonen er at Albertatunet skal bidra til kvalitativ god og effektiv drift av helse, omsorg og velferdstenestene i Florø. Samlokalisering av tenestetilboda, og bruk av velferdsteknologi skal mogleggjere dette.

I høve arbeidet med tiltak for å redusere utgiftene innan helse og omsorg ynskte Finansutvalet at arbeidsgruppa også sjå på ev. positive økonomiske effektar av at Albertatunet tas i bruk. Arbeidsgruppa har sett på nokre aktuelle tiltak. Men vurderer at det, på noverande tidspunkt, er svært krevjande å komme med endelege konsekvensar av evt. positive økonomiske gevinstar. Vår tilråding er at dette må sikrast i det vidare arbeidet, og slik vi ser vil eit nytt bygg, men også samlokalisering av ulike funksjonar/tenester kunne gi positive økonomiske gevinstar:

- ▶ Nybygg er meir energieffektive og krev mindre vedlikehald og reduserer driftskostnadane
- ▶ Eit moderne bygg kan gje store gevinstar i form av økt effektivitet og betre tilpassing til pasientanes behov. Organisering, kompetanse, størrelse på avdelingar og samansetningar av plasser har driftsmessige konsekvensar.
- ▶ Samlokalisering kan også gjere det mogleg å dele kompetanse og personell, men også ressursar som administrasjon, kjøkken og teknisk personell
- ▶ Nye bygg mogleggjer auka bruk av ulike velferdsteknologiske løysningar som kan automatisere enkelte oppgåver, frigjere arbeidskraft og minimerer risikoen for feil, som kan ha kostbare konsekvensar.
- ▶ Nye moderne bygg kan også bidra til auka trivsel, lågare turnover og sjukefråvær, som også gir økonomiske fordelar over tid.

Omtale av tiltaket

Som vi påpekte over er det på noverande tidspunkt krevjande å peike på tiltak som kan gje økonomiske effektar ved at Albertatunet vert tatt i bruk. Samstundes ser vi allereie no at det er nokre aktuelle tiltak som kan gje ei økonomisk besparing:

Kjøkken: Furuhaugane har i dag personell på kjøkkenet i underetasjen som tek imot, varmer og fordeler maten på dei ulike avdelingane. Dette fordi det gamle bygget ikkje har mulighet til dette på den enkelte avdeling, slik som Kulatoppen og FLOMS. Dei årsverka som som handterer dette i dag vil ein ikkje ha behov for når Albertatunet står klart med gode kjøkkenfasiliteter på avdelingane. I tillegg vil fast tilsett frisør bli endra til at frisør vert ein ekstern teneste som kvar brukar kjøper.

Potensial for økt samdrift: Albertatunet ligg i nærleiken av Flora omsorgssenter, og heimetenesta skal ha base i Albertatunet. Vurderinga er at dette bør kunne medføre at ein kan samkøyre nattevaktressursane, og lage ein ambulerande sjukepleiarressurs mellom Albertatunet og FLOMS. Gevinsten av eit slikt tiltak vil då kunne utgjere 2 årsverk, med halvårseffekt i 2027 dersom Albertatunet vert opna då. Fleire kommunar etablerer også sjukepleie-/fagteam på tvers av avdelingar, einingar og tenester. Dette vurderast også som aktuelt i forbindelse med planlegging og etablering av Albertatunet, og må utgreiast vidare.

Albertatunet vert eit moderne bygg der tilgjengeleg velferdsteknolog vil bli tatt i bruk. Det vil her også vere gode moglegheiter til ei effektiv drift. Men dette må utgreiast vidare og bli synleggjort når det nærmer seg opning av bygget.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Auka effektivitet og reduserte driftsutgifter
- ▶ Nytt bygg, nye lokal (trivsel, rekrutteringsfremjande, effektivisering mv.)

- ▶ Moglegheit for auka samdrift mellom tenester
- ▶ Reduksjon i behov for årsverk, personar og kompetanse
- ▶ Auka bruk av velferdsteknologi kan redusere behov for personalintensive tenester samstundes som den bidreg til tryggleik og kvalitet på tenestene

Negative konsekvensar

- ▶ Innflyttingsfasen og innkøyringsfasen kan være krevjande for pasientar, tilsette og kommunen
- ▶ Endringar i oppgåvedeling kan medføre behov for anna kompetanse og opplæring
- ▶ Ulike kulturar som skal samkøyrast
- ▶ Motstand mot endringar

Tidsplan og effekt

Tiltaka må planleggast slik at ein kan gjennomføre det når ein tek i nytt bygg. Prosjektet og arbeidet vil innebere å utreie korleis tilbodet ved Albertatunet best kan organiserast for å sikre god forvaltning av fag, personale og økonomi. Samdrift mellom ulike tenester vil inngå i dette arbeidet.

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Albertatunet				2,5	3,5

4.9 Tiltak 9: Arbeidstidsordningar- Auka bruk av langvakter i institusjon

Analyse

Kinn kommune har positiv erfaring med bruk av langvakter i turnus. Økt bruk av langvakter, men også andre arbeidstidsordningar vurderast som viktig tiltak for å tiltrekke seg og behalde nødvendig kompetanse, og for å sikre god og effektiv ressursutnytting.

Økt bruk av langvakter reduserer tid medgått til overlapping. Bruk av langvakter kan også redusere behov for vikarer mv. Då ein ser at sjukefråvær er lågt ved bruk av langvakter. Men når ein får fråvær er det mange kortvakter å leige inn til. Ved å redusere 2 ordinære vakter og bruke 1 langvakt på 12,5 time sparer man 2 timer pr dag. Dette gir et potensial og behov for færre årsverk for å dekke opp en bemanningsplan samanlikna med ordinær tredelt turnus.

Omtale av tiltaket

Fleire langvakter i turnus vil medføre behov for færre årsverk og færre personar for å dekke en bemanningsplan. Dersom ein kan innføre 4 langvakter på Floms og det tilsvarande på Furuhaugane vil ein ha ein del økonomisk effekt av dette.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Økt kontinuitet – Færre vaktbytter kan gi betre samanheng i pasientbehandlinga
- ▶ Auka attraktivitet- Fleire ynskjer å jobbe i turnus med langvakter
- ▶ Betre arbeidsflyt – Langvakter kan gje tid til å utføre oppgåver utan avbrot
- ▶ Fleksibilitet for tilsette – Fleire fridagar kan auke balansen mellom arbeid og fritid
- ▶ Reduksjon i sjukefråvær – Nokre studier syner at langvakter kan bidra til redusert fråvær

Negative konsekvensar

- ▶ Ikkje alle tilsette ynskjer å gå i langvakter
- ▶ Lange arbeidsøktar kan føre til fysisk og psykisk slitasje hos enkelte
- ▶ Nokre studier tyder på at langvakter kan auke risikoen for helseplager, som eksempelvis søvnproblem og utmatting (hos enkelte)
- ▶ Meir krevjande å dekke korttidsfråværet

Tidsplan og effekt

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Auka bruk av ulike arbeidstidsordningar- langvakter		0,4	0,8	0,8	0,8

4.10 Tiltak 10: Medisinhandtering- auka bruk av Multidose

Analyse

Det tek svært mykje tid for sjukepleiarane å stå på legemiddelrommet å legge dosettar. Sjukepleiarane si tid og kompetanse er svært nødvendig å kunne bruke meir pasientretta. Når det er system, som multidose, som kan spare mykje av denne tida bør ein ta det ibruk.

På institusjonane våre har ein tatt i bruk multidose og det syner at ein har hatt ei økonomisk innsparing på innkjøp av medikament. Noko som truleg også vil gjelde i miljøtenesten, rus-/psykiatritenesta og heimetenesta.

Kommunen har positive erfaringar med bruk av Multidoser som viser store gevinstar i form av reduksjon av tidsbruk.

Omtale av tiltaket

Det opplevast som veldig utfordrande å stipulere ein mogleg ressurskutt eller ressursomfordeling knytt til multidose. Sidan sjukepleieressursen er ein ressurs som vi ser er utfordrande å få tak i, og er eit stort behov fram over vil man sikre seg at denne kompetansen er tilgjengeleg i alle einingar. Med bakgrunn i kompetansebehov har man sett på at det ikkje er ein sjukepleieressurs man vil ta ned, men at man ser på å ta ned assistentar eller fagarbeidarar. Slik framskrivinga i Kinn er no, går det ned med bruk av assistentar og opp med bruk av fagarbeidarar. Det blir derfor i denne omgangen sett på stipulert nedtrekk knytt til fagarbeidarar.

Å legge ein dosett tek omlag 30 min. Ved multidose vil ein redusere tidsbruken betrakteleg. Men ein vil trenge ca 10 min til kontroll av multidosepakningen. Det inneber ein reduksjon av bemanning samla på omlag eit åv.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Reduksjon av tid til medikamenthandtering
- ▶ Bruke rett kompetanse på rett plass – derfor reduksjon i anna ressurs enn sjukepleiar
- ▶ Reduserte oppgåver på sjukepleiarane
- ▶ Betre kontroll og lågare tal på medikamentavvik
- ▶ Legane må vere tettare på medikamenthandteringa
- ▶ Få meir heilskapleg kvalitet på legemiddelgjennomgang på alle område i helse

- ▶ Meir hygienisk, og betre merka
- ▶ Lettare for dei faggruppene som deltar ut medisin å ha kontroll på utdelinga av medikamenta.

11.

Negative konsekvensar

- ▶ Akutte endringar i medisinlister krevjar ein del meirarbeid med å opne opp multidose og legge over i dosett
- ▶ Endringar i medikamenter vil krevje meirarbeid hjå legetenesten

Tidsplan og effekt

Det må gjennomførast ein god prosess med legegruppa. Det er mogleg å få på plass i løpet av -25 og -26.

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Medisinhandling- Multidose		0.3	0.6	0.6	0.6

4.11 Tiltak 11: Organisering av bemanningssenter/bemanningskoordinator

Analyse

Pleie og omsorg samla har over tid hatt utfordringar med høgt sjukefråvær og ledige stillingar. Ein konsekvens av det er eit stort behov for vikarar for å kunne stabilisere og oppretthalde døgnkontinuerlege tenester av god kvalitet.

I Florø har ein sidan 2021 hatt Bemanningssenter med fast tilsette. Dette har vore evaluert årleg og resultert i stadig utviding av tal tilsette pga. god erfaring. Desse blir dagleg styrt av bemanningskonsulent (BK). Tenesteleiarar som har den tilsette i bemanningssenteret på fast helg, har arbeidsgjevaransvar. Den tenesta som leiger inn frå bemanningssenteret betaler for dei vaktene.

I Måløy har det vore bemanningskonsulenter som har nytta vikarane knytt til dei ulike tenestene som sine ressursar, og hatt ansvar for å ringe for å skaffe vikarar både på kort og langtidsinnleige. Dei dagane bemanningskonsulentane ikkje har vore på jobb, er det avdelingsleiar/tenesteleiar som må bruke tid på å ringe etter vikarar. Tenestene i Måløy har store utfordringar med rekruttering både til faste og til vikarstillingar. Det er i dag mykje større utfordringar med å skaffe vikarar og fast tilsett fagkompetanse i tenestene i Måløy, enn i Florø. Status per i dag:

Måløy	Florø

<p>I Måløy er det 160 prosent bemanningskonsulent fordelt på 80 prosent knytt til Måløy heimeteneste og miljøteneste og 80 prosent knytt Kulatoppen omsorgssenter.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▶ Desse to stillingane leiger inn korttids og lengre frávær via tilgjengelege vikarar knytt til den enkelte teneste. ▶ Frå 01.11.24 har ein bemanningskonsulent i 80 prosent sagt opp sin stilling knytt til Kulatoppen omsorgssenter. 	<p>I Florø er det 100 prosent bemanningskonsulent som har 12 fast tilsette som dagleg fordelast på eit gitt tal tenestestader med behov for vikar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▶ Alle dei 12 tilsette har enten helsefagutdanning eller er assistentar som har forplikta seg til å ta helsefagutdanning. ▶ Dei 12 har tilsetjingsforhold i ei konkret teneste og arbeid kvar 3 helg der. ▶ På sommaren jobbar den tilsette som ferievikar i den tenesta som har arbeidsgjevaransvar ▶ Det er den tenesteleiaren som har arbeidsgjevaransvar for tilsett som føl tilsett opp i forhold til sjukefrávær, medarbeidarsamtalar, personalmøter mm. ▶ Innleige av korttidsfráver har hittil blitt løyst av tenesteleiar/avdelingsleiarar
--	--

Omtale av tiltaket

Etablere Kinn Bemanningssenter (felles for Måløy og Florø). Dersom ein klarer å få ein god base av mange tilsette i bemanningssenteret som høyrer til Måløydelen vil det medføre ein reduksjon i den tida ein bruker på å ringe etter vikarar. I Florø, som er mykje større, er det ein tilsett som har ansvar for ein relativt stor base av vikarar (som er fast tilsett). I Måløy vert det nytta 160% stilling fordelt på 4 tenestoområder til å ringe etter vikarar. Dette er ein stor ressursforskjell og å lage ein base av tilsette inn i bemanningssenteret som høyrer til Måløyområdet kan effektivisere dette. Det vil då bli meir lik ressursbruk. Tiltaket medfører at ein kan:

Redusere den totale stillingsprosenten i Måløy med 60 prosent. Det vil seie at ein då har ei 100 prosent stilling som meiransvarleg BK i Florø og ei 100 prosent stilling som BK i Måløy.

Bemanningsentralen har 12 fast tilsette (Florø) og det er lyst ut stillingar i Måløy. I fyrste omgang vil det tilsettast 3 stillingar. Det vil fortløpande bli vurdert behov for utviding. Begge stillingane skal nytte RS som dagleg verktøy og i samhandling med tenestene. Vurderinga er at BK i Florø bør ha eit meiransvar i forhold til opplæring og samkøyring /oppbygging av felles rutinar.

Bemanningsenteret i Florø har vore i drift i fleire år og bemanningskonsulenten har bygd opp erfaring og gode rutinar.

Det vert eit bemanningssenter i kommunen, med to tilsette. Bemanningskonsulenten i Måløy, som har hatt ansvar for å skaffe vikarar dei dagane ho er på jobb, vil fortsette med dette sjølv om ho får ein del fast tilsette i bemanningssenteret knytt til Måløydelen.

Alle fast tilsette i bemanningseininga skal fordelast på teneste og får ein tenesteleiar som har arbeidsgjevaransvar.

I tillegg til årsverk i bemanningsentralen vil vikarbasen til tenestestadene nyttast.

- Både Måløy og Florø skal leige inn korttidsfráver innanfor arbeidstida så langt dei rekk. Her vil kapasiteten vere størst i Måløy.
- Utanom arbeidstid er det den enkelte teneste som har ansvar for korttidsinnleige

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Dekke behov for vikar- både på kort og lang sikt

- ▶ Kompetanseheving: Tilby 100 prosent fast jobb til assistentar mot forplikting til å ta helsefag
- ▶ Lik organisering i heile Kinn (harmonisering)
- ▶ Redusere sårbarheit ved at dei to bemanningskonsulentane hjelper kvarandre
- ▶ Tilsette får god kjennskap til fleire tenestestader og kan rekrutterast inn i vakante stillingar
- ▶ Redusere tenesteleiar/avdelingsleiar sin tid brukt på å bemanne tenestene
- ▶ Får ei innsparing på bemanningskonsulent på 60 prosent stilling

Negative konsekvensar

- ▶ At tilsette går inn i vakante stillingar og derfor må ha hyppige utlysingar til BS
- ▶ At det er utfordrande å bistå alle tenestene i Florø med innleige av korttidsfråver, mens det er mogleg i Måløy, dvs. fortsett forskjell
- ▶ Avdelingsleiarane får meirarbeid med å leige inn korttidsfravær og dekke opp vakante stillingar
- ▶ Lågare kapasitet til korttidsinnleige i Florø

Tidsplan og effekt

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Bemanningsentral/bemanningskonsulent		0,4	0,4	0,4	0,4

4.12 Tiltak 12: Redusert avdelingsleiar FLOMS

Analyse

På Florø omsorgssenter har der vore 3 avdelingsleiarar. Ein avdelingsleiar i 1.etg, ein i 2.etg og ein som har hatt ansvar for dagtilbodet, og 3.etg. Ved naturleg avgang ser ein at det er moglegheit for å redusere med ein avdelingsleiar.

Omtale av tiltaket

Det blir no ein tenesteleiar og 2 avdelingsleiarar på huset. Dei fordeler dagavdeling og dei 3 etasjane i bygget melom seg. Tiltaket medfører at ein reduserer utgifter til en avdelingsleiarstilling i 100 prosent.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Leiarressursen vert lik som på dei andre institusjonane i kommunen
- ▶ Reduserte utgifter

Negative konsekvensar

- ▶ Høgt arbeidspress på leiarane
- ▶ Større leiarspenn for avdelingsleiarane

Tidsplan for økonomisk effekt (i mill. kroner)

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Redusert avdelingsleiar FLOMS	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0

4.13 Tiltak 13: Redusert årsverk miljøtjeneste 2

Analyse

Miljøtjeneste 2 som omfattar Docen og Von har hatt for mange tilsette i forhold til ramme og kva den enkelte brukar er tildelt av ressursar. Ein har derfor gått gjennom vedtak og sett moglegheit for å redusere på bemanning.

Ingen tilsette vil minste jobben, ein vil omdisponere tilsette der det er ledig.

Omtale av tiltaket

- ▶ I Von vil ein kunne spare inn ei dagvakt mandag, tirsdag og fredag. Dette vil tilsvare ein reduksjon på 0,6 åv., noko som vil gje ein årleg innsparing på 470', halvårseffekt 2024, heilårseffekt frå 2025
- ▶ I Docen kan ein redusere ei vakt med lengd på 5,5 -timar 7 dagar pr veke. Dette tilsvarer 1,1 årsverk. Innsparinga fordrar at ein endrar frå 12,5 til 14 timars dagvakt. Årleg innsparing vil bli 930', halvårseffekt frå 2024, heilårseffekt frå 2025.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Tenesta vil klare å halde tildelt ramme
- ▶ Tildeling av teneste til brukar er det same som tildelt ramme

Negative konsekvensar

- ▶ Meir krevjande arbeidsdag for tilsette
- ▶ Ikkje så tett oppfølging av brukar

Tidsplan og effekt

Tidsplan for økonomisk effekt (i mill. kroner)

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Redusert årsverk miljøtjeneste 2	0,7	1,4	1,4	1,4	1,4

4.14 Tiltak 14: reduksjon med 10 prosent helsestasjonslege

Analyse

Barnetalet går ned og det er då naturleg at ein reduserer og tilpassar omfanget av helsestasjonslege.

Omtale av tiltaket

Denne reduksjonen gjeld i Måløydelen av kommunen og det er ikkje helsestasjonslege i meir enn 20% stilling der i dag på grunn av legemangel. Men dette vert vurdert som tilstrekkeleg ved litt tilrettelegging av noverande ressurs.

Konsekvensar (positive og negative) for innbyggjar, tilsette og kommunen

Positive konsekvensar

- ▶ Ein kan ta ei økonomisk innsparing samstundes som ein tilpassar ressursen til behovet
- ▶ Frigjering av ressurs til anna nødvendig legearbeid

12.

Negative konsekvensar

- ▶ Ved auke i fødselstalet igjen vil det kunne bli for knapp ressurs
- ▶

Tidsplan for økonomisk effekt (i mill. kroner)

Tiltak – aktivitetar	2024	2025	2026	2027	2028
Reduksjon med 10 prosent helsestasjonslege		0,1	0,1	0,1	0,1

5 Administrasjon

Mandatet til arbeidsgruppa

Oppdraget er å finne effektive tiltak som gir ei samla årleg utgiftsreduksjon på 8 millionar kroner i løpet av 2028.

Det har vært tre heildagsmøter i arbeidsgruppa:

- ▶ 12.9.2024 Lage tiltak, idedugnad
- ▶ 26.9. 2024 Vidareutvikle tiltak og supplere med nye tiltak
- ▶ 9.10.2024 Ferdigstilling av tiltak

Deltakarar i arbeidsgruppa

Gruppa har vært leia av kommunalsjef økonomi. Arbeidsgruppa har bestått av:

Namn	Rolle
Linda Mæland Nipen	kommunalsjef økonomi
Trude Gulbranson	stabsleiar Strategi og samordning
Cicilie Færestrand	personalsjef
Arve Klokk	anskaffingssjef
Linda Myhre Larsen	stabsleiar Informasjon og service
Norvall Bakke	rekneskapssjef
Hilde-Gunn Hatlenes	lønningssjef
Kjell Arne Bjørkum	IKT rådgjevar
Sonja Olsen	tillitsvald Utdanningsforbundet
Rune Holsen Nygård	tillitsvald Tekna
Øystein Granheim	Agenda Kaupang

Om tenester innan arbeidsgruppa sitt ansvarsområde

Tenester i arbeidsgruppa sitt ansvarsområde (KOSTRA-funksjonar) omhandlar:

▶ 100 Politisk styring

1. Godtgjørelse til folkevalgte, inkl. utgifter som følger med møteavvikling, representasjonsutgifter, befaringer/høringer m.m. arrangert av folkevalgte organer (utvalg/nemnder/komiteer), partistøtte og utgifter til valgavvikling.
2. Godtgjørelser til folkevalgte oppnevnt/valgt av bystyret/kommunestyret, eksempelvis byråd/kommunalaråd og byrådssekretær, føres under funksjon 100.

3. Borgerlige vigslere som utføres av ordfører, varaordfører og folkevalgte.
4. Utgifter til interkommunale politiske råd og kommunale oppgavefelleskap, med mindre slike er entydig knyttet til bestemte funksjoner

▶ **110 Kontroll og revisjon**

1. Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

▶ **120 Administrasjon**

1. Til funksjon 120 skal det henføres lederressurser som etter KOSTRA er definert å være administrative ledere, og som leder andre administrative ledere. Administrative ledere er definert til å være ledere som har både økonomiske og administrative fullmakter.
2. Stabs-/støttefunksjoner knyttet til planlegging, oppfølging og styring av hele kommunen eller av et administrativt ledernivå knyttet til funksjon 120, er i utgangspunktet en del av funksjon 120. Dette omfatter blant annet oppgaver knyttet til økonomiforvaltning, personalforvaltning, informasjonsarbeid, kommuneadvokat/-jurist, utvikling av lokalsamfunn og næring, samt arbeid knyttet til organisasjonen eller organisasjonsutvikling.
3. Overordnet planarbeid, hvor planen dekker mer enn et enkelt tjenesteområde, føres på funksjon 120. Unntatt fra dette er arbeid med kommuneplan (både samfunnsdelen og arealdelen) som skal føres på funksjon 301.
4. Fellesutgifter som føres på funksjon 120, er bla
 - Kantine (nettoutgift)
Sekretariat for politisk ledelse
 - Bedriftshelsetjeneste for kommunens ansatte
 - Overordnet HMS-arbeid
 - Kontingent til KS
 - Frikjøp av hovedtillitsvalgte
 - Utgifter knyttet til innføring og administrasjon av eiendomsskatt

▶ **121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen**

1. aktiviteter i eiendomsforvaltningen knyttet til eiendomsledelse og administrasjon, forsikringer av bygg og pålagte skatter og avgifter knyttet til bygg, og som typisk er forbruksuavhengig av om bygg er i drift eller ikke
2. Forsikringer som inngår her er skade-, brann- og innbruddsforsikringer på bygg, og forsikringer av utstyr knyttet til drift av bygg og eiendom

▶ **130 Administrasjonslokaler**

1. Utgifter til drift og vedlikehold av lokaler (med tilhørende tekniske anlegg og utendørsanlegg) som benyttes til oppgaver under funksjonene 100, 110, 120 og 121
2. Husleieutgifter og -inntekter ved leie/utleie av administrasjonslokaler/bygninger.

► **180 Diverse fellesutgifter**

1. Funksjon 180 skal ikke brukes for å unngå fordeling av utgifter som hører hjemme i andre funksjoner.
2. Funksjonen omfatter eldreråd, ungdomsråd, forliksråd, kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne sivilforsvaret, tilfluktsrom, politi og rettspleie, tiltak til styrking av samisk språk og kultur.
3. Utbetaling av erstatninger/forsikringer/regresskrav knyttet til brukere eller egne ansatte føres på funksjon 180, med mindre utgiftene med rimelighet kan knyttes til utførelse av de oppgaver som inngår i aktuell tjenestefunksjon. Erstatningsordninger barnehjemsbarn føres på funksjon 285.
4. Etterbetaling av lønn til ansatte for tidligere år føres ikke på funksjon 180 men på aktuell funksjon der den ansatte hadde tilknytning.

► **285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde**

1. Tjenester som ikke inngår i det ordinære kommunale ansvarsområde
2. Utgifter og inntekter knyttet til drift av asylmottak i kommunene
3. Utgifter til veilys på riks- eller fylkesveier som er satt opp av hensyn til trafikksikkerheten, inkludert tilfeller der stat eller fylke tilbakebetaler refusjon for disse utgiftene
4. Egenkapitalinnskudd i bompengeselskap som gjelder fylkesvei/riksvei
5. Tilskudd til opparbeiding /vedlikehold av privat vei
6. Utbetaling av erstatninger til tidligere barnehjemsbarn og fosterbarn
7. Investeringer, drift og vedlikehold av bredbånd eller energiforsyningsanlegg (eksempelvis gassrørledninger) til kommunens innbyggere
8. Bidrag til innsamlingsaksjoner
9. Kommunens utlegg for statlig andel av utgifter til drift av felles NAV-kontor, og statlig refusjon for kommunens utlegg
10. Utgifter til kommunal kontantstøtte
11. Statlige forsøksordninger

► **290 Interkommunale samarbeid**


1. Funksjonen anbefales benyttet av kontorkommunen for samlet føring av alle utgifter og inntekter knyttet til interkommunale politiske råd etter kommuneloven § 18-1 og kommunale oppgavefellesskap etter kommuneloven § 19-1 som ikke skal utarbeide eget årsregnskap, men som skal inngå i kontorkommunens årsregnskap, jf. budsjett- og regnskapsforskriften § 8-3.
2. Funksjonen anbefales benyttet tilsvarende av vertskommunesamarbeid etter kommuneloven § 20-1.
3. Finansieringsbidrag fra samarbeidskommuner inntektsføres som refusjon (art 750) på funksjon 290.
4. Funksjonen skal «gå i null».

Kilde: Veileder til kontoplanen i KOSTRA 2023

Ressursbrukmodellen til KS viser at **Kinn kommune brukte kr 169 mindre per innbyggjar på administrasjon enn landssnittet i 2023**. Tala i figuren nedafor er korrigerert for utgiftsbehov, som betyr at det er korrigerert for at Kinn kommune er antatt å ha nokre stordriftsfordelar innan administrasjon sett i forhold til mindre kommunar. Det er også korrigerert for forskjellar i arbeidsgjevaravgift og pensjon, samt korrigerert for avskrivningar. Utan desse korreksjonane viser reine KOSTRA-tal at Kinn brukte kr 344 mindre per innbyggjar på administrasjon enn landssnittet. Merk at medan Agenda Kaupang inkluderer funksjon 285 i tenesteområde Administrasjon i sin Økonomianalyse, held KS funksjon 285 utafor tenesteområde administrasjon i sin

ressursbrukanalyse.

Når vi i innsparingsprosjektet siktar oss inn på nivå med KOSTRA-gruppe 7, betyr det at vi har som mål å kome ytterlegare betre ut sett i forhold til gjennomsnittskommunen.



Kilde: KS Ressursbrukmodell 2023

Kinn kommune har i samarbeid med Agenda Kaupang fått utarbeidd ein analyse av utgifter og årsverk ført på KOSTRA-funksjon 120 administrasjon. I denne analysen er det korriger for at kommunen har feilført 3,3 millionar kroner på funksjon 120. Kostnadsdifferansen mot KOSTRA-gruppe 7 i 2023 blir dermed redusert frå 12 millionar kroner til 8,7 millionar kroner i 2023. Denne kostnadsdifferansen er på nivå med innsparingskravet for administrasjon i omstillingsprosjektet.

Sjølv om Kinn har eit innsparingspotensial mot KOSTRA-gruppe 7 på 8,7 millionar etter retting av feilføringar i 2023, er det viktig å poengtere at innsparingspotensialet er berekna basert på ein behovsnøkkel der innbyggartal er klart viktigast. Likevel viser analysen at bemanninga innan administrasjonen i Kinn faktisk er lav målt opp mot sum årsverk i kommunen. Det er ikkje unaturleg i ein situasjon med behov for omstilling på 100 millionar kroner for kommunen samla sett. Årsverk og tal tilsette er ein viktig driver for administrative utgifter som on/off-boarding og IKT-support osv. I arbeidet med omstilling i administrasjonen, er det lagt til grunn at omstillingsprosjektet vert gjennomført som planlagt, og at dette fører til at det vil bli færre tilsette og årsverk i kommunen samla sett, i forhold til innbyggartal og/eller behov i befolkninga.

Viser elles til økonomianalyse 2024 og administrasjonsanalyse 2024 (basert på rekneskapstal for 2023).

Moglege tiltak

Heilt sidan Vågsøy kommune og Flora kommune blei slått saman til Kinn kommune i 2020, har kommunen arbeida med effektivisering av den administrative drifta. Å hente ut effektar av naturleg avgang har vore ein viktig strategi. Vi har vore gjennom store prosjekt som Prosjekt bemanning og prosjektet Ny leiing og styringsstruktur. Som følgje av desse prosessane er fleire av tiltaka i denne rapporten allereie innarbeidd i gjeldande vedtatt budsjett og økonomiplan.

Dette innsparingsprosjektet tar utgangspunkt i drifta for 2023. Tiltak som allereie er gjennomført i 2024 blir difor synleggjort som del av rapporten. Vi talfester alle endringar frå netto utgiftsnivå i rekneskap 2023 uavhengig av kva som er budsjettert for 2024 og framover.

Ulike økonomiske analyser tyder på at kommunen er i ferd med å få til ei effektiv administrativ drift på fleire områder.

Tabellen nedafør gir ei oversikt over arbeidsgruppa sine forslag til tiltak og berekning av økonomisk effekt i perioden. Nærare grunngjeving og beskriving av tiltaka kjem under tabellen. Tiltaka er ikkje i prioritert rekkefølge. Beløp i millionar kroner.

Tiltak Administrasjon og styring

Beløp mill kroner

Nr	Tjeneste	Tiltak	2024	2025	2026	2027	2028
1	Adm - Personal	Hovudtillitsvalte (HTV) 1,3 årsverk	1,091	1,091	1,091	1,091	1,091
2	Adm - Personal	1 årsverk, naturleg avgang	-	1,000	1,000	1,000	1,000
3	Adm - Informasjon og service	1 årsverk politisk sekretariat, naturleg avgang	0,541	0,618	0,618	0,618	0,618
4	Adm - Informasjon og service	1 årsverk informasjon og service, naturleg avgang	0,521	0,694	0,694	0,694	0,694
5	Adm - Informasjon og service	0,5 årsverk informasjon og service, naturleg avgang	0,410	0,410	0,410	0,410	0,410
6	Adm - Informasjon og service	1 årsverk informasjon og service, naturleg avgang	-	0,138	0,138	0,689	0,689
7	Adm - Informasjon og service	Prosjekt bemanning, tiltak 4, naturleg avgang	0,187	0,187	0,187	0,187	0,187
8	Adm - Rekneskap og innføring	1 årsverk, naturleg avgang	0,655	0,655	0,655	0,655	0,655
9	Adm - Rekneskap og innføring	0,2 årsverk, naturleg avgang	0,118	0,118	0,118	0,118	0,118
10	Adm - Rekneskap og innføring	0,5 årsverk frå 2025/2026, naturleg avgang	-	0,166	0,332	0,332	0,332
11	Adm - Rekneskap og innføring	0,33 årsverk, naturleg avgang	-	-	-	0,158	0,158
12	Adm - Lønn	0,5 årsverk, naturleg avgang	-	0,330	0,330	0,330	0,330
13	Adm - Tenester utafor kommunalt ansvar	Tilskot breiband utgår, jf vedtatt øk.plan 2024-2027	1,357	5,357	5,357	5,357	5,357
14	Adm - Politisk styring	Politisk leiting tar sin del av innsparinga	-	1,000	1,000	1,300	2,000
15	Adm - kommunalt foretak	KF Havhesten - legge ned, opprette kommunal teneste	-	-	-	-	0,300
16	Adm - kommunalt foretak	KF Bordgleder - legge ned, opprette kommunal teneste	-	-	-	-	0,300
17	Adm - kommunalt foretak	KURSKF - legge ned, opprette kommunal teneste	-	-	-	-	0,300
18	Adm - Strategi og samordning - IKT	Analyse IKT-utgifter	-	-	-	-	-
19	Strategi og samordning, andre tenestefunksjonar enn adm	Nærstøtte, reduksjon 1,8 årsverk	-	-	-	-	-
20	Konkurransetsette administrative oppgåver	Til dømes løn og rekneskap	-	-	-	-	-
			4,879	11,764	11,930	12,939	14,539

5.1 Tiltak 1: Frikjøp hovudtillitsvalte (HTV) - reduksjon 1,3 årsverk

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune har høge fellesutgifter i 2023. Frikjøp av hovudtillitsvalte er i definert som fellesutgifter innafor funksjon 120 Administrasjon. 14% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til fellesutgifter med 1,3 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

I samband med prosjektet Ny leing- og styringsstruktur vart det lagt inn eit tiltak på å redusere frikjøp hovudtillitsvalte med 1,8 årsverk frå og med 2024. Økonomisk effekt er innarbeidd i vedtatt økonomiplan.

Frå 1. januar 2024 er 1,3 årsverk redusert. Behovet for frikjøp har endra seg etter samanslåinga av Vågsøy og Flora til Kinn kommune i 2020. Under samanslåinga vart det vald å auke dei frikjøpte tillitsvalde for å sikre ein smidig overgang. No er ressursbruken justert til den nye økonomiske situasjonen, samstundes som ein opprettheld nødvendige forplikingar etter Hovudavtalen del B, § 3-3.

Konsekvensar (positive og negative)

Dette tiltaket fører til økonomisk innsparing og ein meir målretta bruk av ressursar, som kan frigjere midlar til andre prioriterte område i kommunen. På den andre sida kan reduksjonen gi auka arbeidsmengde for dei gjenværande tillitsvalde, noko som kan utfordre dialogen mellom leiing og tilsette. Situasjonen vil bli følgt opp for å sikre at kvaliteten i samarbeidet vert ivareteke.

Tidsplan og effekt

Reduksjon 1,3 årsverk er gjennomført frå 1. januar 2024, med økonomisk effekt 1,091 millionar kroner. Etter Hovudavtalen er dette maksimal reduksjon i forhold til drifta i 2023, då det er klare reglar for frikjøp av hovudtillitsvalte. Effekten av tiltaket vil bli vurdert løpande for å sikre at innsparingane blir som forventa, og at kapasiteten til dei tillitsvalde blir oppretthalden på eit forsvarleg nivå. Kravet i vedtatt økonomiplan er nedtrekk 1,8 årsverk i 2024. Eventuelle justeringar vil bli vurdert dersom det er nødvendig, men hovudrammene for økonomiplaniltaket ligg fast på sikt.

5.2 Tiltak 2: Reduksjon 1 årsverk, Personal, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at det er marginal sett noko lågare utgifter til personal, service og kommunikasjon sett under eitt, enn det ein finner i dei andre kommunane.

Beskriving av tiltaket

Tiltaket inneber reduksjon av 1 årsverk innan personalavdelinga, som er planlagt gjennomført i 2025. Målet er å tilpasse ressursbruken til kommunen sine økonomiske krav, utan å gå på akkord med kvaliteten i tenestene. Dette skal oppnåast gjennom digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar, samt auka internopplæring på tvers av tenestene.

Konsekvensar (positive og negative)

Tiltaket bidreg til økonomisk innsparing og gjer kommunen betre rusta til å møte budsjettammene. Digitalisering og effektivisering av arbeidsprosessar kan også gi betre bruk av ressursar. Samstundes kan auka arbeidsmengde for dei som blir verande, føre til meir press og krevje god planlegging for å oppretthalde kvaliteten i tenestene.

Tidsplan og effekt

Reduksjonen er planlagt gjennomført i 2025 med effekt 1 million kroner, og kan mogleg løysast ved naturleg avgang. Effekten vil bli vurdert undervegs for å sikre at innsparingane er i tråd med målsetnadene. Justeringar kan bli vurdert ved behov, men hovudmålet om innsparing står fast.

5.3 Tiltak 3: Reduksjon 1 årsverk politisk sekretariat, Informasjon og service, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune i 2023 har høge utgifter til stab og støtte til administrativ leiing. 34% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til stab og støtte med 2,9 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

Reduksjon 1 årsverk politisk sekretariat, Informasjon og service, naturleg avgang

Konsekvensar (positive og negative)

Kommunalsjefane som møter i hovudutvala og klagenemnda, er sjølv sekretærar i møta. Vi har utarbeida gode rutinar, teke i bruk automatiserte prosessar og det er færre som deltek i desse oppgåvene. Vi brukar mindre ressursar og vert meir effektive.

Sidan det er færre i tenesta som har desse oppgåvene, vil det være få som innehar denne kompetansen på sikt, det gjer oss meir sårbare ved evt. frávær.

Tidsplan og effekt

Gjennomført frå og med medio februar 2024, ved naturleg avgang. Økonomisk årseffekt er rekna til 0,618 millionar kroner.

5.4 Tiltak 4: Reduksjon 1 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune i 2023 har noko høgare andel årsverk knytt til dokumentforvaltning.

Beskriving av tiltaket

Reduksjon 1 årsverk Informasjon og service, naturleg avgang

Konsekvensar (positive og negative)

Reduksjon av 1 årsverk som ein direkte konsekvens av kommunesamanslåinga då ein har henta ut ein gevinst ved effektivisering.

Kinn kommune har teke i bruk fleire automatiserte arbeidsprosessar i dokumentsenteret. Ein har fått til ein auke i bruken av digitale skjema på heimesida som gjev gevinst knytt til redusert tidsbruk for dokumentsenter og servicefunksjonar. Fleire fagsystem har teke i bruk KS Svar-Ut, dokument vert no sendt digitalt og ikkje pr papir, vi sparar tid der vi før brukte tid på manuelle prosessar. Ein har teke i bruk Book-up system for kontakt mellom innbyggjarar og sakshandsamarar som gjev innsparingar med omsyn til sevicefunksjonar. Vi har teke i bruk ny versjon av Innsyn med innhald av kunstig intelligens som har ført til reduksjon av manuelt arbeid. Gjennomføringa av tiltaket har gjeve ei økonomisk innsparing.

Negativ konsekvens er at vi vert færre tilsette, og samla arbeidsbelastning kan verte større på dei som er att.

Tidsplan og effekt

Gjennomført frå og med 01.04.2024, ved naturleg avgang. Økonomisk årseffekt er rekna til 0,694 millionar kroner.

5.5 Tiltak 5: Reduksjon 0,5 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang

Analyse:

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune i 2023 har noko høgare andel årsverk knytt til dokumentforvaltning.

Beskriving av tiltaket

Reduksjon 0,5 årsverk ved Informasjon og service, naturleg avgang

Konsekvensar (positive og negative)

Reduksjon av stilling som ein direkte konsekvens av kommunesamanslåinga Ein har her henta ut effektiviseringsgevinst då ein etter samanslåinga har hatt fokus på blant anna:

Auka bruk av digitale skjema på heimesida som har gjeve ein gevinst knytt til redusert tidsbruk for dokumentseier og servicefunksjonar. Papirdokument vert ikkje lenger henta/levert i/frå servicefunksjonane som tidlegare.

Vi ser at tal førespurnadar til kommunen sitt sentralbord går ned, noko vi ser i samheng med fleire tilgjengelege digitale skjema på heimesida og at vi har teke i bruk Book-up system for kontakt/avtale mellom innbyggjar og sakshandsamar, kontakt skjer då i mindre grad via sentralbord/servicetorg.

Ulempa er at vi vert færre tilsette, også i servicefunksjonane, som er ei utfordring ved fråvær og ferieavvikling.

Tidsplan og effekt

Økonomisk effekt 0,410 millionar kroner frå og med 01.01.2024.

5.6 Tiltak 6: Reduksjon 1 årsverk, Informasjon og service, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune i 2023 har noko høgare andel årsverk knytt til dokumentforvaltning. Analysen viser også at kommunen har noko lågare utgifter til personal, service og kommunikasjon sett under eitt.

Beskriving av tiltaket

Reduksjon 1 årsverk ved Informasjon og service

Konsekvensar (positive og negative)

Planlagt reduksjon av ytterlegare 1 årsverk, jf. prosjektet "Ny leiings- og styringsstruktur" i 2023, med full effekt frå 2025, vert utfordrande å innfri. Det er planlagt naturleg avgang i 20% av stillinga frå og med 2025.

Vil føre til auka arbeidsmengde på dei andre tilsette i ein allereie pressa arbeidskvardag. Manglande handsaming av papirarkiv for gamle Flora og Vågsøy kommunar som skal avleverast til kommunearkivordninga i tråd med lovverk. Om avlevering av eldre papirarkiv vert utsett må lokallege med omsyn til papirarkiv i Måløy forlengast.

Vi vil ha manglande oppfølging/kontroll av dagens elektronisk arkiv.

Svar på innsynsbejringar vil vere vanskeleg å følgje opp innan tidsfristar og forventningar om openheit kan verte svekka. Utarbeidde innsynsrutinar vert utfordrande å innfri.

Vi vil verte færre som kan følgje opp/retteleie sakshandsamarar og leiarar med omsyn til arkiv og dokumentasjonsforvaltning.

Kvalitetskontroll/internkontroll kan verte svekka.

Det vert lite tid til å arbeide framtidretta med forbetningsarbeid og å få oversikt over/utnytte moglege løysingar for å arbeide smartare. Resultatet vert gjerne at vi driv brannsløkking, og endar med redusert kvalitet på tenestene og eit dårlegare tenestetilbod.

Andre moment kan vere fare for misnøye, mindre trivsel og mindre motiverte medarbeidarar.

Tidsplan og effekt

I langtidsbudsjettet ligg det nedtrekk med full verknad av 1 årsverk frå og med 2025, dette vert vanskeleg å innfri, men det er planlagt naturleg avgang i 20% av stillinga frå og med 2025.

Ut frå dagens situasjon i tenesta, der ein allereie har redusert tal stillingar med 2,5 årsverk i inneverande år, vert dette vanskeleg å få til frå og med 2025 utan at det går ut over tenesteproduksjon og kvalitet i tenestene.

5.7 Tiltak 7: Prosjekt bemanning, tiltak 4, Informasjon og service, naturleg avgang

Analyse

Beskriving av tiltaket

Prosjekt bemanning, tiltak 4, naturleg avgang

Konsekvensar (positive og negative)

Gjeld deler av stilling jf. Prosjekt bemanning som vart gjennomført i 2022, naturleg avgang. Er gjennomført. Budsjettramra er redusert med heilårseffekt i 2024.

Tidsplan og effekt

Gjennomført i tråd med plan. Budsjettrammereduksjon 0,187 millionar kroner i 2024.

5.8 Tiltak 8: Reduksjon 1 årsverk, Rekneskap og innfordring, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innspareingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

Kommunestyret i Vågsøy kommune og bystyret i Flora kommune vedtok samanslåing til Kinn kommune så seint som våren 2017. Til samanlikning vedtok dei fire kommunane i Sunnfjord si samanslåing i juni 2016. Ved oppstart låg arbeidet med å danne Kinn kommune om lag eitt år etter tilsvarende arbeid i andre kommunar. Kommunen hadde behov for dei administrative ressursane ein hadde tilgang til. Når så skatteoppkrevjarfunksjonen vart statleggjort frå og med 1.1.2020 fekk alle dei tilsette innafor området behalde si tilsetjing i Kinn kommune, men då med planlagt naturleg avgang. Kommunen hadde mellombels behov for arbeidskrafta til bygging av ny kommune. Tre av årsverka vart sett inn i arbeidet med harmonisering og retaksering av eigedomsskatten i den nye kommunen. Eitt årsverk vart sett inn i arbeid med å mellombels styrke innkrevjing av kommunale krav. I løpet av åra 2020-2024 har vi samla sett redusert tal årsverk innan økonomistaben frå 18,43 til 13,35. Tiltaket er del av denne reduksjonen. Reduksjon 1 årsverk ved naturleg avgang. Stillingsressurs ikkje erstatta.

Konsekvensar (positive og negative)

Økonomisk innsparing. Omorganisering og effektivisering av administrative oppgåver.

Tidsplan og effekt

Gjennomført med verknad frå og med 1.1.2024. Reduksjon 1 årsverk ved naturleg avgang. Økonomisk årseffekt 0,655 millionar kroner.

5.9 Tiltak 9: Reduksjon 0,2 årsverk, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

Medarbeidar i 20% stilling, naturleg avgang. Stillingsressursen er ikkje erstatta.

Konsekvensar (positive og negative)

Oppgåvene er i hovudsak automatiserte.

Tidsplan og effekt

Gjennomført i løpet av 2023, med full årseffekt i 2024. Reduksjon på 0,2 årsverk. Økonomisk årseffekt 0,118 millionar kroner.

5.10 Tiltak 10: Reduksjon 0,5 årsverk frå 2025/2026, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

0,5 årsverk rekneskapsavdelinga, naturleg avgang. Stillingsressursen erstattast ikkje.

Konsekvensar (positive og negative)

Utfordringane knytt til kommunesamanslåinga og etterslepet er løyst. Det arbeidast kontinuerleg med å skape effektive prosesser gjennom kompetanseheving, standardisering, prosessforbetring og automatisering av oppgåver. Arbeidet har gitt positiv gevinst i form av betre kvalitet på tenestene og ein er meir ajour. Det vurderast som mogeleg å redusere ressursinnsats i form av årsverk som konsekvens av desse prosessane utan at det gjev redusert kvalitet på tenestene.

Tidsplan og effekt

Gjennomført i løpet av 2025 med full effekt i frå 2026. Reduksjon på 0,5 årsverk. Økonomisk årseffekt rekna til 0,332 millionar kroner.

5.11 Tiltak 11: Reduksjon 0,33 årsverk, Rekneskapsavdelinga, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

0,33 årsverk rekneskapsavdelinga, naturleg avgang. Stillingsressursen erstattast ikkje.

Konsekvensar (positive og negative)

Utfordringane knytt til kommunesamanslåinga og etterslepet er løyst. Det arbeidast kontinuerleg med å skape effektive prosesser gjennom kompetanseheving, standardisering, prosessforbetring og automatisering av oppgåver. Arbeidet har gitt positiv gevinst i form av betre kvalitet på tenestene og ein er meir ajour. Det vurderast som mogeleg å redusere ressursinnsats i form av årsverk som konsekvens av desse prosessane utan at det gjev redusert kvalitet på tenestene.

Tidsplan og effekt

Gjennomført i løpet av 2026 med full effekt frå 2027. Reduksjon på 0,33 årsverk. Økonomisk årseffekt rekna til 0,158 millionar kroner.

5.12 Tiltak 12: Reduksjon 0,5 årsverk, Lønsavdelinga, naturleg avgang

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner.

Beskriving av tiltaket

Etter kommunesamanslåinga i 2020 bestod lønsavdelinga av 5 årsverk. Ein avgang i desember 2020 vart ikkje erstatta.

Dette tiltaket inneberer ytterlegare reduksjon 0,5 årsverk i form av naturleg avgang. Lønsavdelinga vil etter det bestå av 3,5 årsverk.

Konsekvensar (positive og negative)

Gjennomføring vil bidra til økonomisk innsparing.

Digitalisering og effektivisering av arbeidsprosessar kan gje betre bruk av ressursar. Integrasjonar mellom eksisterande dataverktøy vil vere tidssparande.

Arbeid med refusjon sjukepengar er viktig i form av inntekter, og vil framleis krevje tilnærma eitt av dei 3,5 årsverka.

Tiltaket kan medføre at tilgjengelegheit for leiarar og tilsette i periodar kan bli avgrensa. Avdelinga kan likevel bli sårbar ved fråvær.

Tidsplan og effekt

Gjennomførast mai 2025. Reduksjon 0,5 årsverk. Økonomisk årseffekt rekna til 0,33 millionar kroner.

5.13 Tiltak 13: Tilskot breiband utgår i tråd med vedtatt økonomiplan 2024-2027

Analyse

Økonomianalysen viser at Kinn kommune har høge utgifter til tenester som ligg utafor kommunalt ansvarsområde (funksjon 285). Kinn ligg her 5 millionar kroner over KOSTRA-gruppe 7.

I denne rapporten talfester vi alle endringar frå netto utgiftsnivå i rekneskap 2023 uavhengig av kva som er budsjettert for 2024 og framover.

Beskriving av tiltaket

Rekneskapen viser at kommunen hadde ei netto utgift i driftstilskot til utbygging av breiband på 5,357 millionar kroner i 2023. I 2024 er tilsvarande budsjettert med 4 millionar kroner, og det er i vedtatt økonomiplan 2024-2027 innarbeidd nedtrapping til kr 0 frå og med 2025.

Konsekvensar (positive og negative)

Økonomisk innsparing i drift. Kommunen prioriterer vekk ei oppgåve som ligg utafor kommunalt ansvarsområde.

Når siste del av utbyggingsprosjektet er fullført i tråd med løyvinga for 2024, vil dekningsgraden i Kinn kommune vere høg på om lag 95% sett i forhold til Nkom (Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit) -krav. Eventuell vidare utbygging av breiband vil måtte finansierast av statlege, fylkeskommunale og private tilskot.

Tidsplan og effekt

Forbruk 5,357 millionar kroner i 2023 vert trappa ned til 4 millionar kroner i 2024 og ned til kr 0,- frå og med 2025. Dette i tråd med vedtatt budsjett og økonomiplan 2024-2027. Samla innsparing, i forhold til rekneskapen for 2023, blir på årleg 5,357 millionar kroner frå og med 2025.

5.14 Tiltak 14: Politisk leiing tar sin del av innsparinga

Analyse

Økonomianalysen viser at Kinn kommune bruker 2 millionar kroner meir på politisk styring (funksjon 100) enn KOSTRA-gruppe 7.

Finansutvalet har etterspurt ei samanlikning med Sunnfjord kommune. Arbeidsgruppa har tatt utgangspunkt i statistikkbanken til SSB, samt vore i direkte kontakt med Sunnfjord kommune. Resultatet av arbeidet er oppsummert i følgjande tabell:

100 Politisk styring	4602 Kinn		4647 Sunnfjord		Kr per innbygger			Kr per innbygger - Behovskorrigert			Teoretisk innsparingspotensiale i helle tusen kr	Kommentar
	2023	2023	17349	22447	Forskjell	97,8	97,2	Forskjell	97,8	97,2		
Netto driftsutgifter på funksjon/tenesteområde	9 869	9 944	569	443	126	582	456	126	2 184	Sum teoretisk innsparingspotensiale i Kinn målt mot Sunnfjord		
Lønsutgifter frå trukket sjukelønsrefusjon	6 514	8 581	375	382	-7	384	393	-9	-163	Kinn ligg lågare innanfor lønsområdet isolert sett, men ligg betydeleg høgare på tapt arbeidsforteneste nedafør. Innafør lønsområdet ligg Kinn høgare på pensjon til folkevalde og lågare på arbeidsgjevaravgift.		
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, totalt	2 290	1 772	132	79	53	135	81	54	933	Kinn har høgare utgifter til reise, transport og beverning, sum utgjør 61% (kr 557 000) av det teoretiske innsparingspotensialet. Kontormateriell, anna materiell, post/bank/telefon/internett/bredbånd og annonser/reklame/informasjon er også høgare i Kinn med sum kr 436 000 innsparingspotensiale.		
Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon, totalt	609	15	35	1	34	36	1	35	611	Høg tapt arbeidsforteneste i Kinn. Fakturert av arbeidsgjevar.		
Overføringsutgifter ekskl. mva-utgift	398	211	23	9	14	23	10	14	239	Kontingent Nordfjordrådet i Kinn, overføring til Stad kommune		
Avskrivningar	73	78	4	3	1	4	4	1	13			
Brutto driftsinntekter på funksjon/tenesteområde eks moms-kompinntekt	-15	-713	-1	-32	31	-1	-33	32	552	Sunnfjord har bokført inntekter som Kinn ikkje har. Gjeld refusjonar og statsstilskot knytt til samarbeidsprosjekt med Polen, samt tilskot frå fylkeskommunen knytt til Region Fjordane. Det er i rekneskapen til Sunnfjord gjort ei avsetting til bunde fond (øymerka midlar) på kr 336 000, som ikkje er del av netto driftsutgifter. Gir mogleg for høgt teoretisk innsparingspotensiale.		

Kilde: SSB Statistikkbanken i KOSTRA (tabell 12367), samt rekneskapen til Sunnfjord og Kinn

Beskriving av tiltaket

Politisk leiing tar sin del av innsparinga, konkrete tiltak må utgreiast.

Konsekvensar (positive og negative)

Dagens budsjetttramme til politisk leing er ikkje i tråd med faktiske utgifter.

Finansutvalet har bedt administrasjonen sjå på godtgjersle, tal møter og tal utval, med omsyn til innsparing.

Ein har sett til kommunane Sunnfjord, Ulstein og Stad (i kommunegruppe 07) når det gjeld møtefrekvens, tal på utval, størrelse på utval og godtgjersle.

Godtgjersle:

Av Kinn og dei 3 kommunane vi har sett til, so er det Ulstein som har lågaste satsar både når det gjeld møte- og utvalsleiargodtgjersle. Når ein samanliknar Kinn med dei andre kommunane er dagens møtegodtgjersle i Kinn i gruppe 1, berre høgare enn i Ulstein kommune.

I Kinn er og dagens godtgjersle til formannskap og hovudutvalsleiarar, unnateke planutval, lågare enn både Sunnfjord og Stad. I Sunnfjord får ein utvalsleiar også møtegodtgjersle i tillegg til fast sats.

Leiar i Plan- og miljøutvalet i Kinn har den høgste hovudutvalsleiargodtgjeringa, samanlikna med dei andre kommunane.

Ordførargodtgjersla i Ulstein, Stad og Kinn er lik stortingsrepresentantane si løn, 100%. I Sunnfjord er ordførargodtgjersla 105% av stortingsrepresentantane si løn. I Sunnfjord har varaordførar 30% godtgjersle av ordførargodtgjersla som er 105%.

Varaordførar i Ulstein har 20% godtgjersle, i Stad og Kinn 40% godtgjersle.

Tal møter:

Stad og Ulstein kommunar har færre tal møter i hovudutvala, enn det Kinn og Sunnfjord har. Det vil sei mellom 1-6 møter fordelt på dei ulike utvala, Sunnfjord har fleire møter i formannskap då planutval ligg til formannskapet.

Tal møter i kommunestyre i dei andre kommunane ligg på mellom 9-12, Kinn har 10 møter.

Tek ein ned tal møter i 3 hovudutval, med 3 møter pr. utval, totalt 9 møter, får ein ei innsparing på om lag 0,252 millionar kroner. Beløpet omhandlar både møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, arbeidsgjevaravgift og feriepengar. Reiseutgifter og servering har ein ikkje teke med då hovudutvalsmøta skal vere digitale. Er møta fysiske kjem reiseutgifter og servering i tillegg. Tal møter i kommunestyre i Kinn er 10 møter pr. år. Sunnfjord har 12 og Stad og Ulstein 9 møter. Tek ein ned tal kommunestyremøter med 2 møter i Kinn, frå 10 til 8 møter, får ein ei innsparing på omlag 0,260 millionar kroner. Beløpet omhandlar møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, arbeidsgjevaravgift, feriepengar, reiseutgifter og servering.

Tal representantar i hovudutvala:

Stad og Ulstein har 7 representantar i hovudutval, Sunnfjord 11 og Kinn 9.

Om ein reduserer dei 3 utvala, Oppvekst- og kultur, Helse-, sosial og omsorgsutvalet, og Plan- og miljøutvalet i Kinn, med 2 representantar i kvart utval, i totalt 9 møter i kvart utval, kan ein redusere utgiftene med omlag 0,179 millionar kroner.

Tal representantar i formannskapet:

Kinn og Sunnfjord har 11 representantar i formannskapet, Stad har 9 og Ulstein 7.

Reduserer ein tal medlemmar i Formannskapet i Kinn til 7 representantar, vil ein redusere fast godtgjersle pr medlem og tapt arbeidsforteneste, om lag 0,411 millionar kroner. Kan fyrst skje ved nytt kommunestyreval. Effekt frå oktober 2027, med full effekt frå 2028.

Tal utval:

Om ein gjer om OK-utval og HSO-utvalet til eit Levekårsutval og legg oppgåvene til Plan- og

miljøutvalet til formannskapet, kan ein redusere tal hovudutval med 2 utval. Dette gjev ein innsparing, men det er tatt utgangspunkt i at både levekårsutval og formannskap vil ha auka møtefrekvens, og det er berekna 3 møter meir i begge utvala. Innsparinga vert då omlag kr 0,516 millionar kroner.

Redusert tal representantar i kommunestyret i neste periode:

I tråd med kommunelova skal ein etter folketalet i Kinn ha minst 27 representantar i kommunestyret. I dag har vi 39 representantar, 12 fleire enn lova tilseier. Ein eventuell reduksjon av tal representantar kan fyrst skje ved neste kommunestyreval i 2027, må vedtakast ved utgangen av desember 2026, i nest siste år av valperioden.

Reduserer ein med 12 representantar vert innsparinga omlag 0,660 millionar kroner.

Reduserer ein med 8 representantar vert innsparinga omlag 0,440 millionar kroner.

Reduserer ein med 4 representantar vert innsparinga omlag 0,220 millionar kroner.

Redusert hovudutvalsleiargodtgjersle for Plan- og miljøutval

Samanlikna med Sunnfjord, Stad og Ulstein kommunar har Kinn kommune den høgaste hovudutvalsleiargodtgjersla i Plan- og miljøutval. Om den vert sett ned til lik godtgjersle som for dei andre utvala i Kinn, 6% for Plan- og miljøutvalet og, kan ein redusere utgiftene med om lag 0,253 millionar kroner.

Redusert tal representantar i eventuelt nytt levekårsutval

Dersom eit eventuelt nytt levekårsutval vert redusert frå 9 til 7 representantar kan ein redusere utgiftene med om lag 0,059 millionar kroner med omsyn til møtegodtgjersle, tappt arbeidsforteneste og arbeidsgjevargift.

Redusert gruppeleiargodtgjersle

I Kinn er gruppeleiargodtgjersle på 3% flat sats, kr 33 215, i tillegg til kr 2 432 pr medlem.

Gruppeleiar satsen i Sunnfjord er maks kr 36 877 og i Ulstein kr 4 000.

Om ein tek vekk gruppeleiar tillegget pr medlem i gruppene, kan ein redusere utgiftene med om lag kr 0,097 millionar kroner.

Presisering i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder, Kinn kommune:

Vurdere evt. halv møtegodtgjersle for medlemmar og varamedlemmar som møter berre i einskildsaker/deler av møtet i samband med t.d. inhabilitet, eller i møter som varer 2-3 timar eller mindre. Dette gjev ikkje store innsparinga, men kan vere med på halde utgiftene nede.

Det same gjeld for møter i samarbeidsutval i barnehage/skular, her kan ein eventuelt vurdere ein ny eigen definert møtegodtgjersle, gruppe 3, med lavere sats enn kr 1054,- som er satsen i dag (gruppe 2).

Negative konsekvensar ved færre utval, redusert tal representantar og færre tal møter, kan vere at dei minste partia ikkje får ta del i dei politiske prosessane på same måte som dei gjer i dag.

Intensiv for gode politiske prosessar kan og falle vekk.

Politisk arbeid i kommunen vert fordelt på færre folkevalde.

Tidsplan og effekt

Færre politiske møter kan innarbeidast i møteplan for 2025, og ein kan få økonomisk effekt allereie frå 2025.

Det same gjeld tal utval og, Om kommunestyret gjer endringar i politisk organisering og reduserer tal utval, kan ein få økonomisk effekt frå 2025.

Det same gjeld for endringar med omsyn til tal representantar i dei 3 hovudutvala, nedtrekket gjeld

då totalt 6 representantar for dei 3 hovudutvala. Dette kan få ein økonomisk effekt allereie frå 2025.

Redusert tal representantar i kommunestyret, anten det er 4, 8 eller 12 representantar, vil ikkje få effekt før oktober 2027, og full økonomisk effekt frå 2028, siste året i økonomiplanperioden. I samla oversikt over moglege nedtrekk har ein teke utgangspunkt i reduksjon av 12 kommunestyrerepresentantar.

Redusert tal medlemmar i Formannskapet får ikkje effekt før oktober 2027, med full effekt frå og med 2028. Formannskapet er vald for 4 år.

Potensiale ved ulike tiltak politisk organisering

Tiltak	Repr.	Møter	Utval	2025	2026	2027	2028
Reduksjon 3 møter i 3 hovudutval							
I dag: 3 Hovudutval - 9 møter kvart utval, totalt 27 møter.							
Reduksjon 3 møter i kvart utval, totalt 9 møter reduksjon		9		252	252	252	252
Reduksjon 2 representantar i 3 hovudutval							
Frå 9 til 7 repr. i 3 hovudutval x 9 møter	2			179	179	179	179
Reduksjon 4 representantar i formannskap							
Reduksjon, 4 repr. frå 11 til 7 repr.	4			411	411	411	411
Reduksjon 2 hovudutval							
Leverårsutval og Formannskap/Plan (2 utval mindre)			2	595	595	595	595
Reduksjon 2 kommunestyremøter							
Kommunestyre - reduksjon frå 10 til 8 møter		2		259	259	259	259
Reduksjon 12 representantar i kommunestyre							
Frå 39 til 27 repr. i kommunestyre	12			0	0	165	659
Reduksjon 8 representantar i kommunestyre							
Frå 39 til 31 repr.	8			0	0	110	440
Reduksjon 4 representantar i kommunestyre							
Frå 39 til 35 repr.	4			0	0	55	220
Reduksjon hovudutvalsleiargodtgjersle Plan- og miljøutval							
Frå 26% til 6% for, reduksjon på 20%				253	253	253	253
Reduksjon 2 representantar Levekårsutval							
Frå 9 til 7 repr. x 9 møter	2			60	60	60	60
Redusert gruppleiargodtgjersle - fjerne sats pr. medlem				97	97	97	97

Eksempel 1: (ingen nedlegging av utval)

Tiltak	Repr.	Møter	Utval	2025	2026	2027	2028
Reduksjon 3 møter i 3 hovudutval		9		252	252	252	252
Reduksjon 2 representantar i 3 hovudutval	2			179	179	179	179
Reduksjon hovudutvalsleiargodtgjersle Plan- og miljøutval				253	253	253	253
Reduksjon 4 representantar i formannskap	4			0	0	103	411
Reduksjon 2 kommunestyremøter		2		259	259	259	259
Reduksjon 12 representantar i kommunestyre	12			0	0	165	659
Redusert gruppleiargodtgjersle - fjerne sats pr. medlem				97	97	97	97

Totalt 1 040 1 040 1 307 2 110

Eksempel 2: (nedlegging av 2 utval)

Tiltak	Repr.	Møter	Utval	2025	2026	2027	2028
Reduksjon 2 hovudutval		2		765	765	765	765
Antakelse om auka møtehyppigheit, frå 9 til 12 møter i Levekårsutval		3		-170	-170	-170	-170
Reduksjon 2 representantar i evt nytt Levekårsutval, frå 9 til 7 repr.	2			60	60	60	60
Reduksjon 4 representantar i formannskap	4			0	0	103	411
Reduksjon 2 kommunestyremøter		2		259	259	259	259
Reduksjon 12 representantar i kommunestyre	12			0	0	165	659
Redusert gruppleiargodtgjersle - fjerne sats pr. medlem				97	97	97	97

Totalt 1 010 1 010 1 278 2 081

I forhold til Sunnfjord kommune viser arbeidsgruppa si analyse at Kinn kommune har høgare utgifter til kjøp av varer og tenester. Kinn har høgare utgifter til reise, transport og bevertning. Kinn har også høgare utgifter til kontormateriell, anna materiell, post/bank/telefon/internett/breiband og annonser/reklame/informasjon. Vidare er tapt arbeidsforteneste i Kinn høgare enn i Sunnfjord. Dette er områder som politisk leiing kan vurdere å redusere.

5.15 Tiltak 15: KF Havhesten - legge ned, opprette kommunal teneste

Analyse

Kinn kommune (kommunekassa) yter administrative tenester til dei fire kommunale føretaka Florø hamn Kinn kommune KF, Kinn utdannings og ressurscenter KF, Havhesten Kinn kommune KF og Bordgleder Kinn kommune KF. Tenestene består mellom anna av tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, post/arkiv, møtearkiv, IKT mm.

Ressursbruken til administrasjon hadde vore lågare dersom dei kommunale føretaka var organisert som kommunale tenester. Ei førebels vurdering av kva utgifter som kan reverserast dersom føretaka vert lagt ned og omgjort til kommunale tenester, kjem fram av tabellen nedfor. Utgifter til IKT er så lang ikkje del av analysen, og kjem i tillegg.

Vurdering kostnader utskilt kommunale foretak

	Kurs	Havhesten	Bordgleder	Sum
Styre	104 000	119 000	185 000	408 000
Revisjon	67 000	42 000	42 000	151 000
Delsum	171 000	161 000	227 000	559 000
Tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, innkjøp, post/arkiv, møtearkiv mm	661 000	367 000	418 000	1 446 000
Sum	832 000	528 000	645 000	2 005 000
Fratrekk kostnader som fortsatt vil være der som tjenesteområde i kommunen	-359 000	-66 000	-117 000	-542 000
Reduksjon ved avvikling	473 000	462 000	528 000	1 463 000

Beskriving av tiltaket

Nedlegging av Havhesten Kinn kommune KF, og oppretting av ei kommunal teneste med eigen tenesteleiar innfor tenesteområde Kultur.

Konsekvensar (positive og negative)

Økonomisk innsparing administrativ ressursbruk. I denne rapporten viser vi kun anslått økonomiske innsparing.

Det er behov for å utgreie tiltaket vidare før eventuelt vedtak.

Tidsplan og effekt

I denne rapporten er tiltaket lagt inn med tidlegast økonomisk effekt i 2028.

Økonomisk effekt er lagt inn med forsiktig 0,3 millionar kroner knytt til tenesteområde administrasjon. Før eventuelt vedtak om nedlegging av føretaket, og oppretting av ei kommunal teneste, må det bli gjennomført ei grundigare kost-nytte-analyse.

5.16 Tiltak 16: KF Bordgleder - legge ned, opprette kommunal teneste

Analyse

Kinn kommune (kommunekassa) yter administrative tenester til dei fire kommunale føretaka Florø hamn Kinn kommune KF, Kinn utdannings og ressurscenter KF, Havhesten Kinn kommune KF og Bordgleder Kinn kommune KF. Tenestene består mellom anna av tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, post/arkiv, møtearkiv, IKT mm.

Ressursbruken til administrasjon hadde vore lågare dersom dei kommunale føretaka var organisert som kommunale tenester. Ei førebels vurdering av kva utgifter som kan reverserast dersom føretaka vert lagt ned og omgjort til kommunale tenester, kjem fram av tabellen nedafor. Utgifter til IKT er så lang ikkje del av analysen, og kjem i tillegg.

Vurdering kostnader utskilt kommunale foretak				
	Kurs	Havhesten	Bordgleder	Sum
Styre	104 000	119 000	185 000	408 000
Revisjon	67 000	42 000	42 000	151 000
Delsum	171 000	161 000	227 000	559 000
Tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, innkjøp, post/arkiv, møtearkiv mm	661 000	367 000	418 000	1 446 000
Sum	832 000	528 000	645 000	2 005 000
Fratrekk kostnader som fortsatt vil være der som tjenesteområde i kommunen	-359 000	-66 000	-117 000	-542 000
Reduksjon ved avvikling	473 000	462 000	528 000	1 463 000

Beskriving av tiltaket

Nedlegging av Bordgleder Kinn kommune KF, og oppretting av ei kommunal teneste med eigen tenesteleiar.

Konsekvensar (positive og negative)

Økonomisk innsparing administrativ ressursbruk. I denne rapporten viser vi berre anslått økonomiske innsparing.

Det er behov for å utgreie tiltaket vidare før eventuelt vedtak.

Tidsplan og effekt

I denne rapporten er tiltaket lagt inn med tidlegast økonomisk effekt i 2028.

Økonomisk effekt er lagt inn med forsiktig 0,3 millionar kroner knytt til tenesteområde administrasjon. Før eventuelt vedtak om nedlegging av føretaket, og oppretting av ei kommunal teneste, må det bli gjennomført ei grundigare kost-nytte-analyse.

5.17 Tiltak 17: KURS KF - legge ned, opprette kommunal teneste

Analyse

Kinn kommune (kommunekassa) yter administrative tenester til dei fire kommunale føretaka Florø hamn Kinn kommune KF, Kinn utdannings og ressurscenter KF, Havhesten Kinn kommune KF og Bordgleder Kinn kommune KF. Tenestene består mellom anna av tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, post/arkiv, møtearkiv, IKT mm.

Ressursbruken til administrasjon hadde vore lågare dersom dei kommunale føretaka var organisert som kommunale tenester. Ei førebels vurdering av kva utgifter som kan reverserast dersom føretaka vert lagt ned og omgjort til kommunale tenester, kjem fram av **tabellen nedafor**. Utgifter til IKT er så lang ikkje del av analysen, og kjem i tillegg.

Vurdering kostnader utskilt kommunale foretak

	Kurs	Havhesten	Bordgleder	Sum
Styre	104 000	119 000	185 000	408 000
Revisjon	67 000	42 000	42 000	151 000
Delsum	171 000	161 000	227 000	559 000
Tenester/støtte knytt til lønn, personal, rekneskap, fakturering, innfordring, finans, budsjett, innkjøp, post/arkiv, møtearkiv mm	661 000	367 000	418 000	1 446 000
Sum	832 000	528 000	645 000	2 005 000
Fratrekk kostnader som fortsatt vil være der som tjenesteområde i kommunen	-359 000	-66 000	-117 000	-542 000
Reduksjon ved avvikling	473 000	462 000	528 000	1 463 000

Beskriving av tiltaket

Nedlegging av Kinn utdannings og ressurscenter KF, og oppretting av ei kommunal teneste med eigen leiar.

Konsekvensar (positive og negative)

Økonomisk innsparing administrativ ressursbruk. I denne rapporten viser vi kun anslått økonomiske innsparing.

Det er behov for å utgreie tiltaket vidare før eventuelt vedtak.

Tidsplan og effekt

I denne rapporten er tiltaket lagt inn med tidlegast økonomisk effekt i 2028.

Økonomisk effekt er lagt inn med forsiktig 0,3 millionar kroner knytt til tenesteområde administrasjon. Før eventuelt vedtak om nedlegging av føretaket, og oppretting av ei kommunal teneste, må det bli gjennomført ei grundigare kost-nytte-analyse.

5.18 Tiltak 18: Analyse IKT-utgifter

Analyse

Administrasjonsanalysen viser at Kinn kommune har høge utgifter til IKT. Heile 50% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til IKT-utgifter med 4,3 millionar kroner.

Administrasjonsanalysen viser vidare at høge utgifter til IKT i stor grad ser ut til å skuldast store avskrivningar. Avskrivningar utgjør 40 prosent av IKT-utgiftene.

Beskriving av tiltaket

Strategi og samordning, IKT – Driftsanalyse Nordfjordnett.

Dei siste åra har det vore ei markant auke i kostnadene knytt til IKT-drift, og dette er ei utvikling vi må forvente vil halde fram i åra som kjem. Hovudårsaka til dei auka kostnadene er mellom anna stigande lisenskostnader som følgje av generell prisvekst. I tillegg har svekkinga av kronekursen bidrege til høgare prisar. Enkelte leverandørar har nærmast monopol på sine områder, noko som avgrensar moglegheita til å velje andre alternativ.

Auka bruk av skytjenester har òg ført til høgare kostnader. Det er ikkje mogleg å redusere interne driftskostnader i takt med dei auka utgiftene knytt til skytjenester.

I fleire tenesteområde vert IKT-løysingar implementert for å automatisere og effektivisere arbeidsprosessar. Dette fører rett nok til auka IKT-kostnader, men reduserer samstundes behovet for manuelt arbeid.

Det stadig meir komplekse trusselbiletet, med ein auke i avanserte og målretta angrep mot samfunnskritisk infrastruktur, skapar òg eit auka behov for nye tryggingstiltak.

Ein betydeleg del av IKT-kostnadene til Kinn kommune er knytt til vår del av kostnadene i Nordfjordnett. Det er sett i gang eit prosjekt for å greie ut ein mogleg fusjon med SySIKT, men eventuelle innsparingar frå ein slik fusjon vil truleg ikkje vere realiserbar på kort sikt. Nordfjordnett har òg innleia samarbeid med andre IKT-aktørar for å oppnå stordriftsfordelar.

Vi ser frå Administrasjonsanalysen at kostnadane til IKT ligg noko over samanliknbare kommunar. Mykje av dette er knytt til avskrivningar på investeringar gjort tidlegare. Investeringar innan KOSTRA-funksjon 120 administrasjon er redusert og vil ligge lågare framover årleg. Likevel ser vi at overgang til meir skybaserte tenester og lisensar gir økte utgifter jf. beskriving over. Per no ser det ut til at auka kostnader til lisensar og skybaserte tenester i økonomiplanperioden vil kunne ligge på ca. nivå med reduserte investeringar (avskrivningar) til IKT innan funksjon 120 administrasjon.

Tidsplan og effekt

Eit forslag til tiltak er å bestille en analyse av drifta i Nordfjordnett for å vurdere om det finst innsparingspotensial samanlikna med andre IKT-samarbeid. I ein slik analyse er det òg viktig å kartleggje kva tenester og oppgåver desse samarbeida leverer til kommunane.

Tidsplan og effekt usikkert.

5.19 Tiltak 19: Reduksjon 1,8 årsverk, Strategi og samordning, nærstøtte

Analyse

Analysen har sett på nærstøtte (administrativ bemanning) til tenesteområda. Analysen viser at Kinn har høgare registrert ressursbruk til nærstøtte enn fleirtalet av kommunane i samanlikningsgrunnlaget. Agenda Kaupang oppfattar denne ressursbruken som litt høg

Beskriving av tiltaket.

Strategi og samordning jobbar med å dimensjonere staben etter vedtak i "Ny leiings og styringsstruktur", som var avslutta desember 2023. Det er gjennomført avslutning av 50% stilling gjennom naturleg avgang. Denne stillinga gjaldt prosjektfinansiert arbeid, og arbeidet vert ivaretatt av andre tilsette i staben – ut prosjektperioden (2025). Staben skal ytterlegare redusere 1,8 årsverk i 2025. Dette skal gjerast etter "Retningslinjer for endring av arbeidsoppgåver og tenestestad for tilsette i samband med omstilling og overtal", der tilsette får tilbod om anna arbeid.

Konsekvensar (positive og negative)

Strategi og samordning vil nærme seg dimensjonert behov for kompetanse og tal tilsette i staben som er naudsynt for å få til arbeidsoppgåvene. For tilsette kan det være trasig å måtte endre arbeidsstad, men det skal bli utført i tråd med retningslinjene.

Tidsplan og effekt

Det er vedtak om rammereduksjon i Strategi og samordning med full effekt frå 2025. Tiltaket vil ikkje gje økonomisk effekt innan tenestefunksjonane som ligg til administrasjon.

5.20 Tiltak 20: Konkurransetsette administrative oppgåver

Beskriving av tiltaket

Finansutvalet har etterspurt vurdering av konkurransetsetting administrative oppgåver, som til dømes løn og rekneskap.

Medan private selskap fører rekneskapen etter rekneskapslova, fører kommunane rekneskapen etter kommunelova. Det er truleg årsaka til at vi så langt ikkje har klart å finne kommuner som har konkurransetsett løn og rekneskap. Det finnes truleg ingen marknad for denne type teneste etter kommunelova.

Arbeidsgruppa si vurdering er at kommunen sine avdelingar innan *rekneskap og løn* er i ferd med å bli drevet så effektivt som mogleg med den teknologien som i dag er tilgjengeleg.

Administrasjonsanalysen, basert på rekneskapen for 2023, viser at Kinn kommune bruker marginalt meir ressursar på økonomi og innkjøp. 9% av teoretisk innsparingspotensiale på 8,7 millionar kroner kan relaterast til økonomi og innkjøp med 0,8 millionar kroner. I denne rapporten er det lagt inn tiltak tilsvarande det dobbelte på 1,593 millionar kroner innan rekneskap og løn. Innsparingar knytt til eventuell nedlegging av kommunale føretak vil kome i tillegg. Kompetansen blant dei tilsette ved løn og rekneskap er god. Kampen om arbeidskrafta innafør økonomiområdet vil truleg dra seg til, det er viktig for økonomistyringa i kommunen at dei tilsette blir tatt godt vare på, både no og framover.

Vi forventar at leverandørane av økonomisystema vil utnytte kunstig intelligens på ein slik måte at vi framover vil kunne effektivisere ytterlegare. På sikt vil det mogleg bli aktuelt med interkommunale

samarbeid på området. Slike samarbeid eksisterer i andre kommunar. Kanskje kan Kinn etterkvart tilby tenester til mindre kommunar. Per i dag er det ingen signal frå nabokommunane om interesse for interkommunalt samarbeid innan løn og rekneskap.

På området *IKT* er vi allereie i eit interkommunalt samarbeid gjennom IKT Nordfjord. Det er sett i gang eit prosjekt for å greie ut ein mogleg fusjon med Sunnfjord og ytre Sogn IKT (SySIKT), men eventuelle innsparingar frå ein slik fusjon vil truleg ikkje vere realiserbar på kort sikt. Nordfjordnett har òg innleia samarbeid med andre IKT-aktørar for å oppnå stordriftsfordelar. Viser elles til tiltak 18 Analyse av IKT-utgifter.

På området *innkjøp* har vi også eit interkommunalt samarbeid. Anskaffingsstaben i Kinn har ansvar for gjennomføre alle større anskaffingar i kommunen. Staben har også ansvaret for Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Det er i dag 5 årsverk i staben, der 3 årsverk er i forhold til INSS. Mellom 0,5 og 0,6 årsverk vert finansiert via ulike prosjekt i kommunen. I tillegg kjem ein del sal til andre kommunar og renovasjonsverk. Samla sett blir om lag 1,5 årsverk finansiert av dei frie inntektene over driftsrekneskapen til Kinn kommune. Innsparingspotensiale vist i administrasjonsanalysen knytt til økonomi og innkjøp på 0,8 millionar kroner er i denne rapporten foreslått løyst innafør løn og rekneskap.